Digital salgsoppgave

Takk for din interesse for Standalvegen 58

Vedlagt følger vedlegg til salgsoppgaven.
For å se hele salgsoppgaven klikk på lenken under.

Link til salgsoppgave

Vedlegg til salgsoppgaven

ambita

Kommune: 1520 Ørsta
Eiendom: 1520/170/12/0/0

Eiendomsgrenser

- Middels - høy nøyaktighet
- Mindre nøyaktig
- Lite nøyaktig
- Skissenøyaktighet eller uviss
- Omtvistet grense
- Vannkant
- Vegkant
- Fiktiv grenselinje
- Teigdelelinje
- Punktfeste

N

Målestokk 1:2000
Dato: 17.3.2025



0 40 80 m

Kartgrunnlag: Geovekst, Norge i Bilder - 8193
Det tas forbehold om feil og mangler i kartet.
Kartet kan ikke benyttes i byggesaksbehandling.

ambita

Kommune: 1520 Ørsta
Eiendom: 1520/170/12/0/0

Eiendomsgrenser

- Middels - høy nøyaktighet
- Mindre nøyaktig
- Lite nøyaktig
- Skissenøyaktighet eller uviss
- Omtvistet grense
- Vannkant
- Vegkant
- Fiktiv grenselinje
- Teigdelelinje
- Punktfeste

N

Målestokk 1:2000
Dato: 17.3.2025



Kartgrunnlag: Geovekst - 8193
Det tas forbehold om feil og mangler i kartet.
Kartet kan ikke benyttes i byggesaksbehandling.

Tegnforklaring

- Adressepunkt
- Kulturminne - punkt
- Naturvernområde - punkt
- Kulturminne - flate
- Naturvernområde - flate
- Bygningslinjer
- Tiltaklinje

Eiendomsgrenser

- Middels - høy nøyaktighet, 3-30 cm
- Mindre nøyaktig, 31-199 cm
- Lite nøyaktig, 200-499 cm
- Skissenøyaktighet eller uviss, 500-9999 cm

- Stolpe
- Anlegg
- Veglinje
- Sti
- Traktorveg
- Bekk/kanal/grøft

Høydekurver

- Metersnivå
- 5-metersnivå
- 25-metersnivå
- Forsenkning terreng
- Hjelpekurve
- Dybdekurve

- Valgt eiendom
- Bolig, uthus, landbruk
- Fritids-/sesongbosted
- Bygning, annen kjent type
- Bygning uten matrikkelinformasjon
- Parkeringsområde
- VegGåendeOgSyklende
- Trafikkøy
- VegKjørende

- Vassflater
- Bre
- AndreTiltak
- BygningTiltak, endring
- BygningTiltak, nybygg
- BygningTiltak, riving
- SamferdselTiltak
- Andre tiltakstyper/ spesifiseringer

Gnr 170 bnr 12

Dato: 08.05.2017 Målestokk: 1:250 Koordinatsystem: UTM 32N

N





Fasade mot vest

Fasade mot syd



Planane godkjent på dei vilkår som byggerådet har sett. **Jfr. vedlagde utskrift og merknader på teikning og byggemelding.**
Stempla teikning, byggemelding og utskrift av byggerådet sitt vedtak skal alltid vere tilstade på byggeplassen.
ØRSTA BYGGERÅD 19/5 1970
Sign. [illegible]

HYTTE FOR PÅL LANGSTØYL

MÅL 1:50

TEIKNA 2/6-1970
J. Langslåtø

Standal sæter



Vedlegg 1 Sæterbu i tømmer

ca. 10 m²

Lengde 3.5 m.
Bredde 2.8 "



Ulan loft eller kjøkken.

Planane godkjent på dei vilkår som byggerådet har sett. Jfr. vedlagde utskrift og merknader på teikning og byggemelding.
Stempla teikning, byggemelding og utskrift av byggerådet sitt vedtak skal alltid vere tilstade på byggeplassen.
ØRSTA BYGGERÅD 22/11 1974


Grøttonna
350
325
Fosseryggane
Leikvollen
Hauegjerdet
Gamlesætra
Kvislene
Kvandalselva
325
350
375
400
425
450
475
500
525
550
575
600
Remane
Standalsætra
Berftunsvegen
Kvikegrova
Heida
Lidaskogen
170/3
170/3
M 1:5000

Ørsta kommune

Kommuneplankart

Eiendom: 170/12
Adresse: Standalvegen 58
Utskriftsdato: 17.03.2025
Målestokk: 1:75000

N

UTM-32



Kartet er produsert fra kommunens beste digitale kartbaser for området og inneholder viktige opplysninger om eiendommen og området omkring.
Presentasjonen av informasjon er i samsvar med nasjonal standard.
Kartet kan inneholde feil, mangler eller avvik i forhold til kravene i oppgitt standard.
Kartet kan ikke benyttes til andre formål enn det formålet det er utlevert til uten samtykke fra kommunen jf. lov om åndsverk.

Tegnforklaring

Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008

Planens begrensning

Ørsta kommune

Reguleringsplankart

Eiendom: 170/12
Adresse: Standalvegen 58
Utskriftsdato: 17.03.2025
Målestokk: 1:75000

N

UTM-32



Kartet er produsert fra kommunens beste digitale kartbaser for området og inneholder viktige opplysninger om eiendommen og området omkring.
Presentasjonen av informasjon er i samsvar med nasjonal standard.
Kartet kan inneholde feil, mangler eller avvik i forhold til kravene i oppgitt standard.
Kartet kan ikke benyttes til andre formål enn det formålet det er utlevert til uten samtykke fra kommunen jf. lov om åndsverk.

Tegnforklaring

Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § .
- Område for bustader med tilhøyrande anlegg
- Frittliggjande småhusbusetnad
- Område for forretningar
- Område for industri/lager
- Område for fritidsbusetnad
- Område for offentlege bygningar (stat, fylke
- Offentleg barnehage
- Offentleg undervisning (skule,universitet mv.
- Offentleg institusjon (sjukehus, gamleheim,
- Offentleg kyrkje
- Område for særskilt angitt allmennyttig formå
- Allmennyttig forsamlingslokale (grendehus m
- Område for herberge og bevertningsstader

Reguleringsplan-Landbruksområde (PBL198.
- Landbruksområde
- Område for jord- og skogbruk

Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (
- Offentlege trafikkområde
- Kjøreveg
- Anna veggrunn
- Gangveg
- Parkeringsplass
- Kai
- Småbåtanlegg (landdelen)
- Trafikkområde i sjø og vassdrag
- Hamneområde i sjø
- Anna trafikkområde i sjø/vassdrag
- Anna trafikkområde (på land)

Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 25,1
- Friområde
- Park
- Anlegg for lek
- Anlegg for idrett og sport
- Friområde i sjø og vassdrag
- Badeområde
- Småbåthamn

Reguleringsplan-Fareområde (PBL1985 § 25
- Høgspenningsanlegg (høgspentlinje, transf
- Område med rasfare
- Område med flomfare

Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985
- Privat veg
- Parkbelte i industristrok
- Campingplass
- Friluftsområde (på land)
- Friluftsområde i sjø og vassdrag
- Grav- og urnelund
- Privat småbåthamn (land)
- Privat småbåthamn (sjø)
- Område for anlegg og drift av kommunaltekn
- Drikkevassmagasin
- Vass- og avløpsanlegg
- Frisiktsone ved veg
- Naturvernområde (på land)
- Bevaring av bygningar og anlegg
- Anna spesialområde

Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 2
- Felles avkjørsel
- Felles gangareal
- Felles parkeringsplass
- Felles leikeareal for barn
- Felles grøntanlegg

Kombinerte formål (PBL1985 § 25,2.ledd)
- Anna kombinert formål
- Rekkjefølgeføresegner

PBL 1985 - linjer og punkt
- Grense for restriksjonsområde
- Grense for bevaringsområde
- Grense for rekkjefølgeområde

Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
- Bustader
- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Garasjeanlegg for bustader-/fritidsbusetnad
- Fritidsbusetnad - frittliggjande
- Sentrumsformål
- Tenesteyting
- Barnehage
- Anna tenesteyting
- Fritids- og turistformål
- Næringsbygningar
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg
- Energianlegg
- Vass- og avløpsanlegg
- Vassforsyningsanlegg
- Avløpsanlegg
- Renovasjonsanlegg
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Uthus/naust/badehus
- Leikeplass
- Kombinert byggje- og anleggsformål

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Veg
- Køyreveg
- Fortau
- Torg
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kai
- Parkering

Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)
- Naturområde
- Turdrag
- Turveg
- Friområde
- Park

Landbruks-, natur- og friluftsformål og rein
- LNFR areal for nødvendige tiltak for LNFR
- Landbruksformål
- Naturformål
- Friluftsformål
- Vern av kulturmiljø eller kulturminne
- LNFR formål kombinert med andre angitte ho

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrai
- Hamneområde i sjø
- Småbåthamn
- Naturområde i sjø og vassdrag
- Friluftsområde i sjø og vassdrag
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyra

Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

STANDALEIDET HYTTEFELT

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
RTK-0605.B		31.10.2006	Ørsta kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensene er vist på reguleringskart datert 09.03.2006, sist rev. 30.10.2006.

Området vert avgrensa slik:

I aust:	Åsrygg nordaust for ”Berttunvegen”
I sør:	Standalvatnet si søndre strand
I vest:	Foten av ”Bjønnanakken”
I nord:	Dyrkingsfeltet si nordre avgrensing

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE
Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMELSAR
a) Disse føresegnene kjem i tillegg til dei til ein kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og bestemmelsar.

b) Når særlege grunnar talar for det kan kommunen gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen, men då under føresetnad av at desse endringane ligg innanfor ramma av plan- og bygningslova (pbl.) og teknisk forskrift.

c) Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen.

d) Nye hytter innanfor planområdet som skal ha innlagt vatn skal ha tilknyting til felles vass- og avløpsløysing.

e) Borehol for felles vassforsyning skal etablerast ved foten av ”Bjønnanakken” etter samråd med kommunen sin fagansvarlege og basert på tilråding frå hydrogeolog. Borehola kan liggje utanfor reguleringsplanen si avgrensing, men plasseringa skal ikkje kome i konflikt med allmenne interesser. Om tilhøva ligg til rette for det, skal borehola søkjast lagt i nærleiken av høgdebassenget (Sp1).

§ 3. REGULERINGSFØREMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene er regulert til følgjande føremål:

1. Byggeområde (pbl. § 25, nr. 1):
   - Fritidsbustader (F)
   - Fritidsbustader (punktfeste)
   - Herberge, bevertningsstad (H)
   - Allmennyttig føremål (A)

2. Offentleg trafikkområde (pbl. § 25, nr. 3):
   - Køyreveg
   - Parkeringsplass (P)

3. Fareområde (pbl. § 25, 1.ledd nr. 5):
- Område med rasfare
- Høgspenningsanlegg

4. Spesialområde (pbl. § 25, nr. 6):
- Privat veg (Prv)
- Friluftsområde på land
- Friluftsområde i vassdrag
- Privat parkering (Pp)
- Kommunalteknisk anlegg – høgdebasseng (Sp1)
- Kommunalteknisk anlegg – overvassgrøft (Sp2)
- Kommunalteknisk anlegg – nettstasjon (Sp9)
- Kommunalteknisk anlegg – avfallscontainer, poststativ (Sp10)
- Frisiktsone ved veg

5. Fellesområde (pbl. § 25, nr. 7):
- Felles grøntareal
- Felles avkjørsle, parkering (Fp)
- Felles tilkomstveg (Fv)
- Felles gangtilkomst/tunområde

§ 4. BYGGEOMRÅDE

a) Arealbruk:
I byggeområda F 1 – F 9 kan det oppførast frittliggjande fritidshus. Med unntak for F 6 – F 9, kan det byggast anneks og uthus.

Grad av utnytting for tomtene er bestemt av tillate utbygd areal (BYA). BYA bereknast iht. NS3940 og TEK.
Innanfor felt F 1 – F 5 skal maks. utnytting skal vere BYA=15%, men aldri meir enn 200 m² per tomt.

Inntil to tomter vert tillate slått saman, og vil i høve til utrekning av BYA reknast som ei tomt. Maks. utnytting for to samanslegne tomter skal vere BYA=250 m². I desse tilfella skal bygningsmassen brytast opp i mindre einingar slik at bygningen ikkje framstår som eit stort enkeltvolum.

Innanfor felt F 6 – F 9 skal maks. utnytting skal vere BYA=30%, men aldri meir enn 80 m² per hytteeining.
Innanfor felt A (Røde Kors-hytta) skal maks. utnytting vere BYA=300 m².
Innanfor felt H (Standalhytta) skal maks utnytting vere BYA=600 m².

Innanfor felt F 6 – F 9, der den viste hytteplasseringa er gjort bindande i planen, er det føresett særskilte tiltak for å tilfredsstille brannkrava i byggeforskrifta. Før sal av enkelttomter må det inngåast avtale om rett til vedlikehald av fasade frå nabotomt. Avtalen må tinglysast.

b) Bygningar:
Innanfor byggeområda skal bygningar oppførast med saltak. Grunnmur skal vere så lav som mogleg, og gjennomsnittleg høgde over ferdig planert terreng skal ikkje overstige 1,0 m. Mønehøgde reknast frå topp grunnmur.
Innanfor felt F 1 - F 5 skal mønehøgda ikkje vere større enn 5,5 m.
Innanfor felt F 1 - F 5 kan det tillatast underetasje der terrenget tilseier det. Kommunen kan krevje slik underetasje.

Innanfor felt F1 - F 4, der det ikkje er underetasje samt for område A (Røde Kors-hytta) og H (Standalhytta), tillatast ei mønehøgde på inntil 7,5 m for 1/3 av hovudmønet si lengde.
Innanfor felt F 6 - F 9 tillatast mønehøgde inntil 6,5 m.

Som hovudregel skal det brukast torvtak for alle områder unntatt F 6 – F 9. Blanke eller glasserte takflater vert ikkje tillate.
Innanfor felt F 1 - F 5 og område A skal takvinkelen vere mellom 20 og 33 grader.
Innanfor område H tilpassast takvinkel til eksisterande bygningar.
Innanfor felt F 6 - F 9 skal takvinkelen vere mellom 30 og 38 grader.

Kommunen skal ved handsaming av byggesak sjå til at bygningane får ei god form og eit godt materialval, og at bygningane innanfor same gruppe får ei harmonisk utforming i respekt for lokal byggeskikk. Det skal brukast jordfarger på bygningane. Kommunen kan krevje at upassande fargar vert endra med ein frist på ein månad i sommarhalvåret.

c) Uteområde:
Tomtene skal i størst mogleg grad bevarast som naturtomt. Det er ikkje mogleg å endre terrenget rundt hyttene ut over det som trengst for sjølve grunnarbeidet. Det er ikkje tillate med store skjeringar og oppfylling av terreng på tomta. Overskotsmasse skal køyrast vekk. Den naturlege vegetasjonen utanom den bygde flata skal takast vare på. Tomtene skal ikkje gjerdast inne.
For tomter som ligg innanfor F 1 – F 4 (på eksisterande dyrkingsfelt) tillatast mindre terrengendringar.

d) Biloppstillingsplassar:
Det skal opparbeidast 1 parkeringsplass for kvar hytte. For felta F 1 - F 5 skal det opparbeidast min.1 plass på eiga tomt. For felta F 6 - F 9 skal plassane opparbeidast på felles tilkomstveg/ parkering, som vist på plankartet.

e) På delar av tomt som ligg i rasutsett område, kan det oppførast bygningar som ikkje skal brukast til varig opphald, slik som uthus eller liknande.

§ 5. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE
I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande grøft
- parkeringsplassar (P)

I tillegg til vist areal kjem naudsynt areal til vegskjeringar og fyllingar, jf. pbl. § 35.

§ 6. SPESIALOMRÅDE
a) Private vegar (Prv):
I område for private vegar skal det byggast køyrevegar med tilhøyrande grøft.

Private vegar skal ha grus toppdekke. Det er ikkje tillate å bruke asfalt eller andre former for fast dekke. I tillegg kjem naudsynt areal til skjering og fylling, jf. pbl. § 35.

Prv 1 er privat tilkomstveg og Pp 1 er privat parkeringsplass for område A – Røde Kors-hytta.
Prv 2 er privat tilkomstveg og Pp2 er privat parkeringsplass for område H – Standalhytta.
Prv 3 er open for naudsynt driftskøyring til område L 1.

b) Friluftsområde:
Områda skal i hovudsak oppretthaldast som naturområde der terrengtilstand og vegetasjonsbilete skal ivaretakast. Innanfor området kan skogen tynnast som følgje av vanleg vedhogst.

Innanfor friluftsområdet merka som ”Badeplass” på nordsida av Standalvatnet, kan det leggast ut badebrygge/-flåte. Denne kan vere på maks. 2 x 4 m i tillegg til landfeste. Ei uttynning av vegetasjon kan tillatast innanfor dette området etter samråd med kommunen.

c) Kommunalteknisk anlegg – høgdebasseng (Sp1):
Innanfor område Sp1 skal det etablerast anlegg for felles vassforsyning. Før bygging av høgdebasseng må rasfaren i området vurderast av fagkunnig, og behov for ev. tiltak avklarast.

d) Kommunalteknisk anlegg – overvassgrøft (Sp2):
Innanfor område Sp2 kan det opparbeidast avskjerande overvassgrøft. Detaljert utforming skal visast i samanheng med byggemelding av andre tekniske anlegg.

e) Kommunalteknisk anlegg – nettstasjon (Sp9):
Innanfor område Sp9 kan det oppførast nettstasjon.

f) Kommunalteknisk anlegg – container for avfall, poststativ (Sp10):
Innanfor område Sp10 kan det plasserast ”tette” containerar for avfall etter avtale med reinhaldsverket. På same området kan det plasserast poststativ.

g) Frisiktsone ved veg:
I frisiktsone skal det ikkje vere hindringar over 0,5 m rekna utifrå vegnivået.

h) Felles føresegner for hyttepunkt innanfor friluftsområdet Sp4:

- Innanfor området kan det byggjast frittliggjande fritidshus der punktfeste er vist i kart.
- Hyttene skal plasserast slik at sentrum av festepunktet kjem innanfor hytteareal. Bygningar skal oppførast med saltak. Grunnmur skal vere så lav som mogleg, og gjennomsnittleg høgde over ferdig planert terreng skal ikkje overstige 1,0 m. Mønehøgde reknast frå topp grunnmur. Møneretning skal vere tilnærma parallelt med høgdekotene.
- Hyttene skal ikkje gjerdast inn. Det skal ikkje opparbeidast køyreveg til hyttene.
- Som hovudregel skal det brukast torvtak. Blanke eller glasserte takflater tillatast ikkje. Flaggstenger tillatast ikkje. Søppel skal leverast i felles container på dertil avsett plass.
- Tomtene skal i størst mogleg grad bevarast som naturtomt. Terrenget rundt hyttene må ikkje endrast ut over det som trengst for sjølve grunnarbeidet. Det er ikkje tillate med store skjeringar og oppfylling av terreng på tomta. Overskotsmasse skal fjernast. Den naturlege vegetasjonen utanom den bygde flata skal takast vare på.
- Kommunen skal ved handsaming av byggesak sjå til at bygningane får ei god form og et godt materialval. Det brukast jordfarger på bygningane. Kommunen kan krevje at upassande farger vert endra med ein frist på ein månad i sommarhalvåret.
- Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate utbygd areal (BYA). BYA bereknast iht. NS3940 og TEK.
- For nye hytter som ikkje får innlagt vatn tilknytt felles vatn- og avløpsanlegg, skal det tilretteleggast brukertilpassa tappepunkt.

<u>For eksisterande fritidsbustader og nye utan innlagt vatn gjeld:</u>

- Det kan byggjast frittliggjande fritidsbustader med maks. utnytting BYA=80 m² inkl. anneks/ uthus per punktfeste. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 27 grader. Det kan tillatast ei mønehøgd på inntil 4,5 m.

<u>For eksisterande fritidsbustader som vert tilknytt felles vatn- og avlaupsanlegg og nye med innlagt vatn gjeld:</u>

- Det kan byggjast eit frittliggjande fritidsbustader inkl. anneks/uthus med maks. utnytting BYA=150 m² per punktfeste.

- Takvinkelen skal vere mellom 20 og 33 grader. Det kan tillatast ei mønehøgd på inntil 5,5 m.

§ 7. FELLESOMRÅDE
a) Felles grøntareal:
Felles grøntareal er felles for tilstøytande eigedomar og eigedomar innanfor same tun.
Områda skal i hovudsak oppretthaldast som naturområde der terrengtilstand og skogsbilete skal ivaretakast. Innanfor området kan skogen tynnast som følgje av vanleg vedhogst. Felles grøntareal i tunområda kan tilretteleggast for aktivitetar og opphald.

c) Felles tilkomstveg (Fv):
Felles tilkomstvegar skal vere felles for følgjande område:

Fv 1 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 1
Fv 3 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 3
Fv 5 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 5

d) Felles avkjørsel, parkering (Fp):
Det skal opparbeidast ein parkeringsplass per hytte. Dei felles parkeringsplassane skal vere felles for følgjande område:

Fp 1 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 8 og F 9
Fp 2 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 6 og F 7
Fp 3 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor F 1 – F 4 samt for eksisterande og nye fritidsbustader innanfor område Sp 4
Fp 4 - Fp 7 skal vere felles for eksisterande og nye fritidsbustader innanfor område Sp 4

b) Felles gangveg/tunområde innanfor F 6 – F 9:
Felles gangveg og tunområde skal vere felles for tilstøytande tomter.

Gangvegar skal ha grus toppdekke. Det er ikkje tillate å bruke asfalt eller andre former for fast dekke. Tunområda, utanom felles tilkomstveg, skal utformast for felles opphald og leik.

§ 8. REKKJEFØLGJEKRAV
a) Kommunalteknisk anlegg – høgdebasseng (Sp1):
Før bygging av høgdebasseng må rasfaren i området vurderast av fagkunnig, og behov for ev. tiltak avklarast.

b) Hytteområde F 5
Utbygging i området F5 kan ikkje skje før utbyggar har dokumentert at rasfaren er tilfredsstillande i høve krava i byggeforskrifta.

Eigengodkjend av Ørsta kommunestyre

Sak nr. 0039/06 - møtedato 31.10.2006

_____ _____
-ordførar- -rådmann-

MASSETAK PÅ STANDAL

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1	Stadfestingsdato	Stadfesta av:
RTK- 0711	**23.10.2008**	**Ørsta kommunestyre**

OMRÅDEOMTALE/ PLANGRENSE

Plangrensene er viste på plankart RTK-0711, sist revidert 05.05.2008. Føresegnene er knytte til delplanen for Standal som primært omfattar areal knytt til byggeråstoff. Avgrensinga i sør, vest og nord er styrt av massetaket. I nord, austre del, delvis langs eigedomsgrensa knytt til vegen. I aust er grensa lagd i sjø ca 50 m frå land.

§ 1 – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse reguleringsføreskriftene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankart og føresegner) set fast.

§ 2 – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 3 – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 25 i plan- og bygningslova (pbl) til følgjande føremål, slik:

3.1 – Byggeområde (pbl §25.1)
- Industriområde I1og I2

3.2 – Landbruksområde (pbl. §25.2)
- Landbruksområde (L4, L5, L6 og L7)
- Jord- og skogbruksområde (J&S 1, J&S 2, J&S 3, J&S 8, J&S 9 og J&S 10)

3.3 – Offentleg trafikkområde (pbl §25.3)
- Køyreveg
- Anna trafikkområde
- Trafikkområde i sjø

3.4 – Fareområde (pbl §25.5)
- Høgspenningsanlegg
- Flodbølgefare
- Snøskredfare

3.5 – Spesialområde (pbl §25.6)
- Friluftsområde på land (Sp5, Sp6, Sp7, Sp8, Sp9, Sp10 og Sp11)
- Natur- og friluftsområde på land (Sp4)
- Parkbelte i industristrøk (Sp 12, Sp 13, Sp 14, Sp15, Sp16, Sp17, Sp18 og Sp 29)
- Friluftsområde i vassdrag/sjø (Sp19, Sp20, Sp21, Sp22 og Sp23)
- Privat veg (Sp25, Sp26 og Sp27)
- Frisiktsone ved veg
- Naturvernområde (Sp24)
- Bevaring kulturminne (Sp30)
- Energiproduksjonsanlegg (Sp28)

3.6 – Kombinerte føremål (pbl. §25, 2. ledd)
Steinbrot, massetak/Jordbruk og skogbruk (Sp1/J&S8, Sp2J&S9 og Sp3/J&S10)

§ 4 – BYGGEOMRÅDE

Industri I1

Område I1 skal nyttast til å anlegge infrastruktur for lagring og lasting av sand, grus og pukk.

Brakker og andre bygg/installasjonar som er naudsynte for drifta kan plasserast i dette området. Desse må plasserast på trygg grunn med tanke på snøskred og oppskyllingshøgde frå fjellskred.

Drifta skal ikkje skje i periodar med rasfare, jf. Arbeidsmiljølova med tilhøyrande føresegner.

Ved planlegging av kai, til erstatning for eksisterande kai, må det tydeleggjerast at den nye kaia ikkje vil medføre auka sårbarheit i området. Det må ikkje leggast til rette for personopphald i tilknyting til anlegget.

For jordbruksføremål og friluftsliv skal det vere mogleg og sikkert å passere området i vest.

Før tiltak etter planen kan iverksettast skal det gjennomførast ei arkeologisk undersøking av fornminna i planområdet.

Industri I2 skal nyttast til industriell verksemd som verkstad og liknande.

§ 5 – LANDBRUKSOMRÅDE

5.1 - Landbruksområde L4, L5, L6 og L7.
Områda skal brukast til landbruksområde. Det kan oppførast bygningar med direkte tilknyting til tradisjonelt jordbruk.

I område L6 og L7 skal alle inngrep i grunnen, inkludert pløying djupare enn 0.2 m avklarast hjå fylkeskonservatoren.

5.2 - Jord- og skogbruksområde (J&S 1, J&S 2, J&S 3, J&S 8, J&S 9 og J&S 10)
Områda skal brukast til jord- og skogbruksområde.
Det kan oppførast bygningar med direkte tilknyting til tradisjonelt jordbruk.

§6 – OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

6.1 – Køyreveg
Kommunal veg, regulert i 10 m bredd med vegbreidde 4,5 m inkludert skuldrer.

6.2 – Annan veggrunn

Området skal nyttast til sideareal for køyreveg, slik som grøfter og skråningar.

6.3 – Trafikkområde sjø

Området skal sikre tilgang til kaia. Innanfor området kan det byggast ein utskipings- og kaikonstruksjon med tilhøyrande anlegg. I sjøen, ein på kvar side av kaia, vil det kunne plasserast støttepunkt for båtane.

Det må dokumenterast at kaia vil vere robust nok til å stå imot ei flodbølgje. Dokumentasjonen må vere utarbeidd av relevant fagleg kompetanse.

§7 – FAREOMRÅDE

7.1 - Høgspenningsanlegg

I område før høgspenningsanlegg skal det vere høve til å føre opp anlegg i tilknyting til utbetring/nyanlegg for kraftforsyning i kommunen. Dersom kraftlinene vert lagt i jordkabel, fell fareområdet bort.

7.2 – Flodbølgefare

Det må dokumenterast at konstruksjonar plassert lavare enn cote 5 vil være robuste nok til å stå i mot ei flodbølgje eller det må gjennomførast eiga flodbølgeanalyse for lokaliteten. I området må det ikkje tillatast varig personopphald.

7.3 – Snøskredfare

Drift skal ikkje skje i periodar med snøskredfare jf. §9.3 pkt. 5. Konstruksjonar som ikkje er robuste nok til å stå imot eit skred må sikrast.

§8 – SPESIALOMRÅDE

8.1 – Friluftsområde på land

I områda er det ikkje lov å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunalt skjøn er til hinder for å nytte området til friluftsområde. Eksisterande vegetasjonsbilde og kantvegetasjon langs vassdrag skal takast vare på. Der kant-vegetasjon manglar, bør det leggast til rette for revegetering med stadeigen vegetasjon. Det er tillate med plukkhogst, men ikkje flatehogst. Treslagskifte er ikkje tillate.

8.2 – Natur- og friluftsområde på land

I området er det ikkje lov å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som kan vere til hinder eller ulempe for dei natur- og friluftsinteressene som ligg til grunn for reguleringsføremålet, inklusiv ivaretaking av det gamle kulturlandskapet med

steingjerde, restar etter bygningar og kravfull vegetasjon. Tradisjonell skjøtsel, inklusiv rydding og hogst av enkelttre for å ivareta tilsvarande interesser er tillate.

8.3 – Parkbelte i industristrøk

Områda Sp12 – Sp18 er ei sikrings- og overgangssone mot annan arealbruk. I området kan det etter behov sikrast mot at menneske og dyr vert utsette mot fare. Det skal kunne anleggast stiar for passering.

Område Sp 12. I området skal det kunne gjennomførast rassikringstiltak. Tiltaka skal godkjennast av kommunen.

Deler av Sp18 er også regulert som spesialområde vern (freda kulturminna) og omfattar sikringssone til fornminna, jf. også pkt. 8.8. Det er ikkje lov å dekke til, byggje ut eller anlegge veg over regulert verneområde. Der verneområdet har grense med SP 18, skal det settast opp gjerde i føremålsgrensa til verneområdet i anleggstida. Gjerdet kan ha opningar for å gje høve til gangferdsel. På strekninga som vender mot I1 skal gjerdet vere permanent. Vernevoll skal ligge utanom verneområdet. Alle avvik må avklarast hjå fylkeskonservatoren.

Før tiltak etter planen kan iverksettast skal det gjennomførast ei arkeologisk undersøking av fornminna i planområdet.

Det skal kunne anleggast midlertidige vegar som er naudsynte for drifta. Vidare kan arealet brukast til å leie vatn utanom massetaket.

Det må ikkje takast ut masser frå parkbeltet, men ved avslutting kan ein etter nærare presisering i driftsplanen foreta inngrep i terrenget i randsona for å skape naturleg overgang mellom brot, massetak og naturterreng.

Vidare kan områda brukast til skjerming for innsyn og støy. Skjerminga skal ikkje vere høgare enn tre meter, målt frå tilgrensande terreng.

Område Sp18. Det skal ikkje gjerast inngrep som kan skade eventuelle arkeologiske kulturminne.

Område Sp29. Området skal bevarast inngrepsfritt og m.a. ha funksjon som innsynsvern mot massetaket og del av framtidig rassikring.

Område SP 31. Området er ein del av skredvifta som elles er omfatta av naturvern-område (SP24) og skal ivaretakast som ein naturleg del av denne. Naudsynte rassikringstiltak kan gjennomførast dersom dette omsynet ikkje kan ivaretakast på annan måte. Tiltaka må godkjennast av kommunen, og byggje på skred- og naturfagleg kompetanse.

8.4 – Friluftsområde i sjø og vassdrag

Det må ikkje iverksetjast tiltak i området som reduserer elva eller strandsona som natur-, rekreasjons- og friluftsområde. Maksimalt støynivå skal vere i samsvar med støynivået som vert utløyst av tilrådd grense for bustadsområda.

8.5 – Privat veg

Private vegar er viste med areal som er naudsynt for å anlegge vegane. Dei er illustrerte med vegbreidd og senterline, men kan tilpassast industriområde og massetak.

Området Sp25 skal gje hovudtilkomst til massetak og kai. Ein sti som skal gi tilkomst til Sp24 kan følgje vegen sørvest og sør for I1.

Område Sp26 skal gje tilkomst til Sp3/J&S10. Vegbreidda ved avkøyrsle til kommunevegen skal reduserast til 4 m køyrebreidd etter at dagens knuseanlegg er flytta.

Området Sp27 skal gje tilkomst til industriområdet I2, Sp28 og Sp2/J&S9. Vegen til Sp28 er ikkje teikna gjennom heile I2, men det er ein føresetnad at gjennomkøyring er mogleg.

8.6 – Frisiktsone ved veg

Frisiktsone ved veg, Sp25, Sp26 og Sp 27 er lagt inn i høve til vegnormalen. Frisiktsonene i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan likevel plasserast i siktsona.

8.7 – Naturvernområde

I naturvernområdet er det ikkje tillate med tiltak som kan endre dei naturgjevne forholda.

Bruk av området til beite som ikkje medfører slitasje eller endring i tilstanden som er grunnlaget for verdien til området, er tillate.

8.8 – Spesialområde vern fornminne

Kulturelt bevaringsområde, Sp 30, er avsett på grunn av automatisk freda kulturminne i høve til kulturminnelova §4. I høve til kulturminnelova §3 er det ikkje lov til å gjere noko som kan skade, eller på anna vis skjemme buplasslaga under matjorda. Vernet kan sameinast med fortsatt bruk som slåttemark og beitemark. Ompløgingsdjupne djupare enn 0.2 m, må avklarast hos fylkeskonservatoren på same måte som andre tiltak som kan påverke fornminna, jf. også pkt. 8.2.

8.9 – Energiproduksjonsanlegg

Sp28 er avsett til bygg/installasjonar som har samband med etableringa av eit kraftverk. Arealet for kraftverk er utlagt til føremålet for å få ei avklaring etter vedtaka i Plan og bygningslova. Sjølve kraftverksetableringa vert regulert av vass-ressurslova.

§9 – KOMBINERTE FØREMÅL

9.1 – Steinbrot, massetak/jord- og skogbruk Sp1/J&S8, Sp2/J&S9 og Sp3/J&S10.

Område Sp1 skal brukast til eit ordinært massetak. Avsluttinga mot sør skal ha ei helling ca 1:2. Avslutting mot aust og vest kan ha helling ca 1:1,4. Dette er i samsvar med skråningane som naturleg kjem føre i områda. Både mot aust, vest og sør vil hellinga variere.

Fronten mot nord skal setjast igjen og delvis takast i ein sluttfase.

Masser i dei øvste partia skal takast ut i kampanjar, med rask tilbakestilling.

Dersom det er fast fjell i botnen av massetaket, kan det vere aktuelt å ta ut fast fjell ved boring og sprenging.

Før tiltak etter planen kan iverksetjast skal det gjennomførast ei arkeologisk undersøking av fornminna i planområdet.

Område Sp2 skal tilbakestillast så snart knusing av stein som i dag går føre seg i området, kan flyttast. Avsluttinga mot nord skal ha ei helling ca 1:2. Avslutting mot aust og vest kan ha ei helling ca. 1:1,4. Dette er i samsvar med skråningane som naturleg kjem føre i områda. Både mot aust, nord og vest vil hellinga variere.

Eventuell røyrleidning til kraftverket og for avløp frå hyttefeltet på Standaleidet kan leggast gjennom området.

Område Sp3 skal brukast til eit ordinært massetak. Avslutninga kan ha helling ca 1:1,5. Både mot sør, vest og nord vil hellinga variere.

9.2 – Rekkefølgjekrav.

Masseuttaket i område Sp1/J&S8 (Holen) skal skje med utgangspunkt i eksisterande massetak og med hovuduttaksretning mot aust og sør. Tilbakestilling skal skje i etappar der det innanfor ein driftsplanperiode på fem år skal tilbakestillast minst tilsvarande areal som det er opna uttak av, jf §9.3-1. Det skal likevel etablerast slambasseng/fangdammar i området vest for Sp29 og innanfor område avsett til massetak i samband med første etappe for vidare drift. Vidare vil det også kunne etablerast veg for transport gjennom uttaksområdet mot aust dersom dette tiltaket vert del av driftsplanen, jf §9.3.

Når uttaket i området er avslutta, skal arealet gå over til jord- og skogbruksområde.

Før iverksetjing av reguleringsplan for Standal skal det gjerast ei arkeologisk utgraving av råka automatisk freda kulturminne idnr 112178 og idnr. 113827 i planområdet.

Det skal takst kontakt med Møre og Romsdal fylke i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

9.3 – Fellesbestemmelsar for drift av massetak og steinbrot.

1. Drifta skal følgje ein etappe-inndelt driftsplan som skal godkjennast av Bergvesenet og Ørsta kommune. Driftsplanen skal til ei kvar tid vere godkjend av Bergvesenet og skal normalt ajourførast kvart femte år, eller etter nærare avtale med Bergvesenet.
2. Driftsplanen skal mellom anna vise uttaket i dei ulike fasene, og korleis det er tenkt avslutta med vegetasjonsetablering, avrunding av kantar og sikring. Istandsettings- og avslutningsarbeide i område der drifta er avslutta, skal settast i gong straks det er praktisk mogleg i forhold til den drifta som går føre seg. Driftsplanen skal fastsette korleis tilkomstvegar til jord- og skogbruksareala skal utformast både i driftstida og ved avslutning av massetaket. Vidare skal planen innehalde prosedyrer/tidsplan for sprenging. Varslingsrutinar skal utarbeidast.
3. Uttak av masse skal i prinsipp skje som i teikning nr. 2, 3 og 4, datert 25.03.08.
4. Drift i massetaket skal berre skje på kvardagar, måndag – fredag mellom 0600 og 2200. Transport til lageret også laurdagar mellom 0730 og 1600. Lasting i båt skal kunne gå føre seg utanom desse tidspunkta, med den føresetnaden at støykrava ikkje vert overskridne.
5. Drifta skal ikkje skje i periodar med skredfare, jfr. Arbeidsmiljøloven med tilhøyrande føresegner.
6. Det skal vere mogleg å setje opp naudsynte bygningar og installasjonar som har naturleg tilknyting til drifta i området. Desse skal fjernast når drifta er avslutta.
7. Området skal sikrast med skilt, gjerde, skjermar og randsoner, slik at det ikkje er fåre for at menneske og dyr kjem til skade.
8. Det skal brukast stadeigen vegetasjon til revegetering av området.
9. Støv, støy og andre utslepp skal til alle tider ligge innanfor gjeldande normer.
10. Det skal vere beredskap for vatning for å hindre støvflukt i tørre periodar.
11. Fangdammar skal ha tilstrekkeleg kapasitet til å sikre at det ikkje blir utslepp av slamhaldig vatn som medfører skadeverknader.

Ørsta kommune, 23.10.2008

Gudny Fagerhol	Asbjørn Moltudal
- ordførar -	- rådmann -

STANDALEIDET HYTTEFELT

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
RTK-0605.B		31.10.2006	Ørsta kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensene er vist på reguleringskart datert 09.03.2006, sist rev. 30.10.2006.

Området vert avgrensa slik:

I aust: Åsrygg nordaust for ”Berttunvegen”
I sør: Standalvatnet si søndre strand
I vest: Foten av ”Bjønnanakken”
I nord: Dyrkingsfeltet si nordre avgrensing

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE
Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMELSAR
a) Disse føresegnene kjem i tillegg til dei til ein kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og bestemmelsar.

b) Når særlege grunnar talar for det kan kommunen gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen, men då under føresetnad av at desse endringane ligg innanfor ramma av plan- og bygningslova (pbl.) og teknisk forskrift.

c) Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen.

d) Nye hytter innanfor planområdet som skal ha innlagt vatn skal ha tilknyting til felles vass- og avløpsløysing.

e) Borehol for felles vassforsyning skal etablerast ved foten av ”Bjønnanakken” etter samråd med kommunen sin fagansvarlege og basert på tilråding frå hydrogeolog. Borehola kan liggje utanfor reguleringsplanen si avgrensing, men plasseringa skal ikkje kome i konflikt med allmenne interesser. Om tilhøva ligg til rette for det, skal borehola søkjast lagt i nærleiken av høgdebassenget (Sp1).

§ 3. REGULERINGSFØREMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene er regulert til følgjande føremål:

1. Byggeområde (pbl. § 25, nr. 1):
   - Fritidsbustader (F)
   - Fritidsbustader (punktfeste)
   - Herberge, bevertningsstad (H)
   - Allmennyttig føremål (A)

2. Offentleg trafikkområde (pbl. § 25, nr. 3):
   - Køyreveg
   - Parkeringsplass (P)

3. Fareområde (pbl. § 25, 1.ledd nr. 5):
- Område med rasfare
- Høgspenningsanlegg

4. Spesialområde (pbl. § 25, nr. 6):
- Privat veg (Prv)
- Friluftsområde på land
- Friluftsområde i vassdrag
- Privat parkering (Pp)
- Kommunalteknisk anlegg – høgdebasseng (Sp1)
- Kommunalteknisk anlegg – overvassgrøft (Sp2)
- Kommunalteknisk anlegg – nettstasjon (Sp9)
- Kommunalteknisk anlegg – avfallscontainer, poststativ (Sp10)
- Frisiktsone ved veg

5. Fellesområde (pbl. § 25, nr. 7):
- Felles grøntareal
- Felles avkjørsle, parkering (Fp)
- Felles tilkomstveg (Fv)
- Felles gangtilkomst/tunområde

§ 4. BYGGEOMRÅDE

a) Arealbruk:
I byggeområda F 1 – F 9 kan det oppførast frittliggjande fritidshus. Med unntak for F 6 – F 9, kan det byggast anneks og uthus.

Grad av utnytting for tomtene er bestemt av tillate utbygd areal (BYA). BYA bereknast iht. NS3940 og TEK.
Innanfor felt F 1 – F 5 skal maks. utnytting skal vere BYA=15%, men aldri meir enn 200 m² per tomt.

Inntil to tomter vert tillate slått saman, og vil i høve til utrekning av BYA reknast som ei tomt. Maks. utnytting for to samanslegne tomter skal vere BYA=250 m². I desse tilfella skal bygningsmassen brytast opp i mindre einingar slik at bygningen ikkje framstår som eit stort enkeltvolum.

Innanfor felt F 6 – F 9 skal maks. utnytting skal vere BYA=30%, men aldri meir enn 80 m² per hytteeining.
Innanfor felt A (Røde Kors-hytta) skal maks. utnytting vere BYA=300 m².
Innanfor felt H (Standalhytta) skal maks utnytting vere BYA=600 m².

Innanfor felt F 6 – F 9, der den viste hytteplasseringa er gjort bindande i planen, er det føresett særskilte tiltak for å tilfredsstille brannkrava i byggeforskrifta. Før sal av enkelttomter må det inngåast avtale om rett til vedlikehald av fasade frå nabotomt. Avtalen må tinglysast.

b) Bygningar:
Innanfor byggeområda skal bygningar oppførast med saltak. Grunnmur skal vere så lav som mogleg, og gjennomsnittleg høgde over ferdig planert terreng skal ikkje overstige 1,0 m. Mønehøgde reknast frå topp grunnmur.
Innanfor felt F 1 - F 5 skal mønehøgda ikkje vere større enn 5,5 m.
Innanfor felt F 1 - F 5 kan det tillatast underetasje der terrenget tilseier det. Kommunen kan krevje slik underetasje.

Innanfor felt F1 - F 4, der det ikkje er underetasje samt for område A (Røde Kors-hytta) og H (Standalhytta), tillatast ei mønehøgde på inntil 7,5 m for 1/3 av hovudmønet si lengde.
Innanfor felt F 6 - F 9 tillatast mønehøgde inntil 6,5 m.

Som hovudregel skal det brukast torvtak for alle områder unntatt F 6 – F 9. Blanke eller glasserte takflater vert ikkje tillate.
Innanfor felt F 1 - F 5 og område A skal takvinkelen vere mellom 20 og 33 grader.
Innanfor område H tilpassast takvinkel til eksisterande bygningar.
Innanfor felt F 6 - F 9 skal takvinkelen vere mellom 30 og 38 grader.

Kommunen skal ved handsaming av byggesak sjå til at bygningane får ei god form og eit godt materialval, og at bygningane innanfor same gruppe får ei harmonisk utforming i respekt for lokal byggeskikk. Det skal brukast jordfarger på bygningane. Kommunen kan krevje at upassande fargar vert endra med ein frist på ein månad i sommarhalvåret.

c) Uteområde:
Tomtene skal i størst mogleg grad bevarast som naturtomt. Det er ikkje mogleg å endre terrenget rundt hyttene ut over det som trengst for sjølve grunnarbeidet. Det er ikkje tillate med store skjeringar og oppfylling av terreng på tomta. Overskotsmasse skal køyrast vekk. Den naturlege vegetasjonen utanom den bygde flata skal takast vare på. Tomtene skal ikkje gjerdast inne.
For tomter som ligg innanfor F 1 – F 4 (på eksisterande dyrkingsfelt) tillatast mindre terrengendringar.

d) Biloppstillingsplassar:
Det skal opparbeidast 1 parkeringsplass for kvar hytte. For felta F 1 - F 5 skal det opparbeidast min.1 plass på eiga tomt. For felta F 6 - F 9 skal plassane opparbeidast på felles tilkomstveg/ parkering, som vist på plankartet.

e) På delar av tomt som ligg i rasutsett område, kan det oppførast bygningar som ikkje skal brukast til varig opphald, slik som uthus eller liknande.

§ 5. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE
I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande grøft
- parkeringsplassar (P)

I tillegg til vist areal kjem naudsynt areal til vegskjeringar og fyllingar, jf. pbl. § 35.

§ 6. SPESIALOMRÅDE
a) Private vegar (Prv):
I område for private vegar skal det byggast køyrevegar med tilhøyrande grøft.

Private vegar skal ha grus toppdekke. Det er ikkje tillate å bruke asfalt eller andre former for fast dekke. I tillegg kjem naudsynt areal til skjering og fylling, jf. pbl. § 35.

Prv 1 er privat tilkomstveg og Pp 1 er privat parkeringsplass for område A – Røde Kors-hytta.
Prv 2 er privat tilkomstveg og Pp2 er privat parkeringsplass for område H – Standalhytta.
Prv 3 er open for naudsynt driftskøyring til område L 1.

b) Friluftsområde:
Områda skal i hovudsak oppretthaldast som naturområde der terrengtilstand og vegetasjonsbilete skal ivaretakast. Innanfor området kan skogen tynnast som følgje av vanleg vedhogst.

Innanfor friluftsområdet merka som ”Badeplass” på nordsida av Standalvatnet, kan det leggast ut badebrygge/-flåte. Denne kan vere på maks. 2 x 4 m i tillegg til landfeste. Ei uttynning av vegetasjon kan tillatast innanfor dette området etter samråd med kommunen.

c) Kommunalteknisk anlegg – høgdebasseng (Sp1):
Innanfor område Sp1 skal det etablerast anlegg for felles vassforsyning. Før bygging av høgdebasseng må rasfaren i området vurderast av fagkunnig, og behov for ev. tiltak avklarast.

d) Kommunalteknisk anlegg – overvassgrøft (Sp2):
Innanfor område Sp2 kan det opparbeidast avskjerande overvassgrøft. Detaljert utforming skal visast i samanheng med byggemelding av andre tekniske anlegg.

e) Kommunalteknisk anlegg – nettstasjon (Sp9):
Innanfor område Sp9 kan det oppførast nettstasjon.

f) Kommunalteknisk anlegg – container for avfall, poststativ (Sp10):
Innanfor område Sp10 kan det plasserast ”tette” containerar for avfall etter avtale med reinhaldsverket. På same området kan det plasserast poststativ.

g) Frisiktsone ved veg:
I frisiktsone skal det ikkje vere hindringar over 0,5 m rekna utifrå vegnivået.

h) Felles føresegner for hyttepunkt innanfor friluftsområdet Sp4:

- Innanfor området kan det byggjast frittliggjande fritidshus der punktfeste er vist i kart.
- Hyttene skal plasserast slik at sentrum av festepunktet kjem innanfor hyttearealet. Bygningar skal oppførast med saltak. Grunnmur skal vere så lav som mogleg, og gjennomsnittleg høgde over ferdig planert terreng skal ikkje overstige 1,0 m. Mønehøgde reknast frå topp grunnmur. Møneretning skal vere tilnærma parallelt med høgdekotene.
- Hyttene skal ikkje gjerdast inn. Det skal ikkje opparbeidast køyreveg til hyttene.
- Som hovudregel skal det brukast torvtak. Blanke eller glasserte takflater tillatast ikkje. Flaggstenger tillatast ikkje. Søppel skal leverast i felles container på dertil avsett plass.
- Tomtene skal i størst mogleg grad bevarast som naturtomt. Terrenget rundt hyttene må ikkje endrast ut over det som trengst for sjølve grunnarbeidet. Det er ikkje tillate med store skjeringar og oppfylling av terreng på tomta. Overskotsmasse skal fjernast. Den naturlege vegetasjonen utanom den bygde flata skal takast vare på.
- Kommunen skal ved handsaming av byggesak sjå til at bygningane får ei god form og et godt materialval. Det brukast jordfarger på bygningane. Kommunen kan krevje at upassande farger vert endra med ein frist på ein månad i sommarhalvåret.
- Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate utbygd areal (BYA). BYA bereknast iht. NS3940 og TEK.
- For nye hytter som ikkje får innlagt vatn tilknytt felles vatn- og avløpsanlegg, skal det tilretteleggast brukertilpassa tappepunkt.

<u>For eksisterande fritidsbustader og nye utan innlagt vatn gjeld:</u>

- Det kan byggjast frittliggjande fritidsbustader med maks. utnytting BYA=80 m² inkl. anneks/ uthus per punktfeste. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 27 grader. Det kan tillatast ei mønehøgd på inntil 4,5 m.

<u>For eksisterande fritidsbustader som vert tilknytt felles vatn- og avlaupsanlegg og nye med innlagt vatn gjeld:</u>

- Det kan byggjast eit frittliggjande fritidsbustader inkl. anneks/uthus med maks. utnytting BYA=150 m² per punktfeste.

- Takvinkelen skal vere mellom 20 og 33 grader. Det kan tillatast ei mønehøgd på inntil 5,5 m.

§ 7. FELLESOMRÅDE
a) Felles grøntareal:
Felles grøntareal er felles for tilstøytande eigedomar og eigedomar innanfor same tun.
Områda skal i hovudsak oppretthaldast som naturområde der terrengtilstand og skogsbilete skal ivaretakast. Innanfor området kan skogen tynnast som følgje av vanleg vedhogst. Felles grøntareal i tunområda kan tilretteleggast for aktivitetar og opphald.

c) Felles tilkomstveg (Fv):
Felles tilkomstvegar skal vere felles for følgjande område:

Fv 1 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 1
Fv 3 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 3
Fv 5 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 5

d) Felles avkjørsel, parkering (Fp):
Det skal opparbeidast ein parkeringsplass per hytte. Dei felles parkeringsplassane skal vere felles for følgjande område:

Fp 1 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 8 og F 9
Fp 2 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor område F 6 og F 7
Fp 3 skal vere felles for fritidsbustadene innanfor F 1 – F 4 samt for eksisterande og nye fritidsbustader innanfor område Sp 4
Fp 4 - Fp 7 skal vere felles for eksisterande og nye fritidsbustader innanfor område Sp 4

b) Felles gangveg/tunområde innanfor F 6 – F 9:
Felles gangveg og tunområde skal vere felles for tilstøytande tomter.

Gangvegar skal ha grus toppdekke. Det er ikkje tillate å bruke asfalt eller andre former for fast dekke. Tunområda, utanom felles tilkomstveg, skal utformast for felles opphald og leik.

§ 8. REKKJEFØLGJEKRAV
Standal indre, gnr. 170, bnr. 5 Sk. mark. 1,77 Eigar: Ola Flo f. .....
Gunnhild Flo 19[illegible]

Standal indre, gnr. 170, bnr. 6 Sk. mark. 2,68 Eigar: Ashjørg Standal f. 19[illegible]
..... f. .....

Standal indre, gnr. 170, bnr. 7 Sk. mark. 2,34 Eigar: Ingar Standal f. 19[illegible]
Jordunn Standal f. 19[illegible]

Standal indre, gnr. 170, bnr. 8 Sk. mark. 2,30 Eigar: Ottar Standal f. 1949
Sissel Standal f. 1958

Standal indre, gnr. 170, bnr. 9 Sk. mark. 2,26 Eigar: Ivar Standal f. 193[illegible]
..... f. .....

Standal indre, gnr. 170, bnr. 10 Sk. mark. 2,26 Eigar: Norvald Standal 19[illegible]
Kristvaldal Standal f. 1946

Nyborni, gnr. 170, bnr. 12 Sk. mark. 1,73 Eigar: Ole A. Standal f. 1929
Bjørnlaug Standal f. 1932



KART OVER DYRKINGSJORD
PÅ STANDALEIDET:

FELT A:	107	da.
" B:	108	"
" C:	200	"
SUM.	415	da.

AREALA A, B, OG C ER BORTLEIGDE
TIL STANDAL FORDYRKINGSLAG I
SAMSVAR MED LEIGEAVTALE DATO 1.2.80.

M= 1:5000 Ørsta, 10.10.79

Kolbein Ryste/
heradsagr. i Ørsta

IFSVR: 1913055

Rekvirent iht. følgebrev/-
rekvirent ikke oppgitt:
962 986 633
org.nr./fødselsnr.

AVTALE OM RETTIGHETSERVERV

Doknr: 456195 Tinglyst: 05.06.2014
STATENS KARTVERK FAST EIENDOM

Denne avtale er inngått mellom:

STANDAL ANDREAS eier av Gnr. **170** Bnr. **12** i **ØRSTA** kommune, **(Grunneier)**,

og

Statnett SF, org. nr. 962 986 663, **(Statnett)**

vedrørende erverv av rettigheter for bygging og drift av 420 kV-ledningen Ørskog – Sogndal, fra Ørskog transformatorstasjon i Ørskog til Sogndal transformatorstasjon i Sogndal kommune.

1 Rettighetserverv

De rettigheter som Statnett har ervervet, og de begrensninger som er lagt på eiendommen, fremgår av Alminnelige avtaleforutsetninger som er vedlagt avtalen, og av eventuelle spesielle forutsetninger som er avtalt særskilt.

2 Vederlag/erstatning

For rettighetservervet betaler Statnett til Grunneier følgende engangsvederlag, jf. vedlegg:

Klausulert areal, inklusive standskog og mastefeste:	kr.	45 500,-
Annet:		
Til sammen		**Kr 45 500**

Beløpet utbetales til kontonr [redacted] ....(fylles ut av Grunneier)innen tretti virkedager etter Avtalen er undertegnet av partene. Dette vederlaget utgjør erstatning for alle Grunneiers tap, skader og ulemper som er en følge av tiltaket, bortsett fra for bruk av veier hvor det er inngått egne avtaler og for eventuelle skader som følge av anleggsvirksomheten. Disse skadene erstattes særskilt i tillegg til nevnte vederlag.

3 Avslutning av skjønnssaken

Partene er enige om at skjønnssakenen heves og at Statnett bærer grunneiers kostnader til nødvendig juridisk bistand.

4 Tinglysing

Statnett kan tinglyse Avtalen og vedlagte alminnelige avtaleforutsetninger og dekker kostnadene ved dette.

* * *

Denne Avtalen undertegnes i to eksemplarer. Partene beholder ett hver.

Ørsta, den: 29.12 - 13

Grunneier/rettighetshaver:

Andreas Standal

Personnr.: 010163 [redacted]

Vedlegg :
Takstskjema, kart og avtaleforutsetninger

TRONDHEIM, den: 03.02 2014

Statnett SF **Statnett** Grunn -og rettighetserverv

Org. nr. 962 986 633

Statnett Grunn -og rettighetserverv

17222

ALMINNELIGE AVTALEFORUTSETNINGER

1 Bakgrunn

NVE har ved vedtak 10. juni 2009 i medhold av Energiloven gitt Statnett SF konsesjon for en 420 kV kraftledning fra Ørskog transformatorstasjon i Ørskog kommune til Sogndal transformatorstasjon i Sogndal kommune. NVE meddelte samme dato tillatelse til å foreta ekspropriasjon av nødvendig grunn og rettigheter for å bygge og drive de omsøkte anleggene, herunder rettigheter for all nødvendig ferdsel/transport i forbindelse med bygging og drift av anleggene.

Vedtaket ble påklaget til Olje- og Energidepartementet som stadfestet vedtaket om konsesjon og ekspropriasjon henholdsvis 8. april 2011 og 21. desember 2011. Skjønn vil bli avholdt for fastsettelse av erstatning for erstatningskrav fra grunneiere og rettighetshavere som ikke løses ved avtale, jf. skjønnsbegjæringer til Fjordane tingrett av 27. juni 2011 og 6. mars 2012 og skjønnsbegjæring til Sunnmøre tingrett av 6. mars 2012.

Det vises for øvrig til nevnte vedtak i NVE og Olje- og Energidepartementet, herunder presiseringer til de nevnte vedtakene.

Med Statnett menes i det følgende også ledningseier.

2. Avtaleforutsetningene

Avtaleforutsetningene her er ment å følge som bilag til alle avtaler som Statnett inngår for erverv av nødvendig grunn og rettigheter som omhandlet i pkt. 3, jf. pkt. 1, og gjelder så langt det passer for de rettigheter som konkret erverves.

Avtaleforutsetningene angir hva avtalen skal bygge på ved fastsetting av erstatninger, så som:

- omfanget av eiendomsinngrepet eller rettighetsservervet
- framgangsmåte ved beregning og utbetaling av erstatning
- hvilke tiltak Statnett påtar seg
- hvilke forhold som skal holdes utenfor avtalen

Ut over det som er forutsatt i avtalen, avtaleforutsetningene og andre bilag til avtalen, samt av generelle konsesjonsvilkår, påtar Statnett seg ikke arbeid eller andre forpliktelser.

Den konkrete erstatning for ervervet av grunn og rettigheter reguleres av avtale med den enkelte grunn- og rettighetshaver.

3 Generelt om grunn- og rettighetservervet

Det erverves rett til å bygge et høyspent overføringsanlegg med tilhørende anlegg og innretninger fra Ørskog transformatorstasjon i Ørskog kommune til Sogndal transformatorstasjon i Sogndal kommune, med rett til fremtidig drift av anlegget, herunder adgang til å foreta ettersyn, vedlikehold, utbedring og ombygging av anlegget, som omsøkt av Statnett og konsedert av NVE/Olje- og Energidepartementet, jf. pkt. 1 over.

Statnett Grunn -og rettighetserverv

Det tas forbehold om rett til å foreta mindre forskyvninger av ledningen og mastepunktene under byggingen. Erstatning for eventuell merulempe som følge av dette forutsettes ordnet i minnelighet eller fastsatt ved skjønn.

Foruten erverv av grunn og klausulering av grunn for mastefeste, ledningsframføring og andre anlegg, omfatter ervervet enhver rett som er nødvendig for bygging, ombygging, ettersyn, vedlikehold, utbedring og drift av slike overføringsanlegg med tekniske innretninger og anlegg som inngår i tiltaket, jf. første avsnitt. Med mindre annet uttrykkelig fremgår, er ervervet av grunn- og rettigheter stedsevarig.

4 Klausulering og rydding av skog og annen vegetasjon

4.1 Det erverves rett til å rydde skog og annen vegetasjon i en trasé på normalt 40 meters bredde med 20 meter på hver side av senterlinjen (heretter traséen eller ledningstraséen). Skog og grunn i traséen registreres før hogst tar til. På strekninger hvor traséen får en annen bredde, hvor den forskyves i forhold til senterlinjen eller hvor det blir overlapping av rydde- og byggeforbudsbeltet med bestående kraftledninger, vil dette fremgå av særskilt avtale for vedkommende eiendom.

4.2 Statnett erverver virket på rot og utfører hogst og utdrift av økonomisk drivbart virke i traséen. Grunneier kan eventuelt overta felt virke etter nærmere avtale. Det vil bli foretatt opprydding etterpå i samsvar med hva vanlig god skogskjøtsel tilsier.

Hvis ryddingen av traséen nødvendiggjør felling av deletrær, sørger Statnett for at deletrærne erstattes med varige og tydelige grensemerker.

4.3 Også utenfor traséen har Statnett rett til å hugge trær som er til hinder for bygging av ledningen eller anses farlige for overføringsanlegget.

Erstatningsoppgjør for slik sikringshugst forutsettes ordnet hver enkelt gang i minnelighet eventuelt ved senere skjønn, jf. pkt. 10.

4.4 Statnett vil rydde skogen med jevne mellomrom slik at denne ikke blir til hinder for ledningsanleggets drift og sikkerhet. Grunneier har rett til å overta skogsvirke etter Statnetts rydding. Det forutsettes at skogrydding skjer på en miljømessig forsvarlig måte og at det tas hensyn til andre interesser. Statnett har for øvrig rett til å foreta ryddingen slik de finner det hensiktsmessig, uten hensyn til Grunneiers rett til å overta det ryddede skogsvirket. Det vises for øvrig til pkt. 8 andre ledd.

4.5 Statnett skal uten særskilt vederlag ha rett til å benytte vanlige velteplasser og driftsveier på eiendommene, likevel uten fortrengsel for grunneierens ordinære skogsdrift. Eventuelle skader blir utbedret/erstattet etter avtale eller om nødvendig senere skjønn, jf. pkt. 10.

5 Erverv av grunn

Statnett legger fram foreløpige oppgaver over areal som skal erverves for hver eiendom der dette er aktuelt. Endelig oppmåling skjer når anlegget er avsluttet.

17222

6 Byggeforbudsbelte

Byggeforbudsbeltet er normalt 40 meter bredt med 20 meter på hver side av senterlinen, men aldri mindre enn 10 meter fra ytterste line. Det er forbudt uten særskilt tillatelse fra ledningseier å føre opp hus og andre innretninger hvor noen deler av bygningen (herunder takskjegg, balkonger, trapper) kommer nærmere spenningsførende del av ledningsanlegget enn 10 meter målt horisontalt fra ytterste line.

7 Jordledninger

Mastene vil bli jordet. Jordledningene forutsettes normalt nedgravet til ca. 40 cm dybde i utmark der dette er mulig og til pløyesikker, vanligvis ca. 70 cm dybde i dyrket mark. Jordledninger i dyrket mark vil eventuelt bli lagt om for Statnetts regning dersom de kommer i veien for anlegg av grøfter, ledninger, etc.

8 Rett til utnyttelse av klausulert grunn

Grunneieren beholder retten til å dyrke og nyttiggjøre seg grunnen som ledningen går over, med de innskrenkninger som følger av avtaleforutsetningene.
Dersom grunneier eller andre ønsker å utnytte grunnen under ledningen til spesielle formål eller på annen måte drive virksomhet som kan ha innvirkning på ledningens drift og sikkerhet, må ledningseier kontaktes. Terrenghøyden under kraftledningen kan heller ikke forandres uten samtykke fra Statnett. For øvrig legges til grunn de til enhver tid gjeldende sikkerhetsbestemmelser.

Grunneieren har ikke rett til å gjennomføre sprengningsarbeider, felling av trær, gravingsarbeider ved mastefundamenter mv som kan gi risiko for å påføre overføringsanlegget skade. Dersom grunneieren ønsker å utføre ovennevnte typer arbeid i nærheten av ledningen skal ledningseier/leder for sikkerhet kontaktes som vil anvise hvilke sikringstiltak som må tas av hensyn til ledningen. Omkostningene ved å måtte gjennomføre slike sikringstiltak bæres av ledningseier.

I den utstrekning grunneieren følger ledningseiers anvisninger, er han ansvarsfri overfor ledningseier for skader som måtte bli påført ledningen som følge av tiltaket.

For øvrig legges til grunn de til enhver tid gjeldende forskrifter for elektriske forsyningsanlegg som ledningseier er underlagt.

9 Veier, atkomst mv

Ledningseier og eventuelle engasjerte entreprenører skal ha rett til uhindret adgang til og langs ledningsanlegget i anleggsperioden og under dens senere drift, ettersyn, vedlikehold, ombygging og utbedring, herunder rett til å bruke de til enhver tid bestående veier, transport- og ferdselsinnretninger, samt rett til å utbedre eller bygge nye slike anlegg dersom dette viser seg nødvendig.

Erstatning for rett til bruk av veier anlagt av andre enn ledningseier etter avtalens inngåelse, fastsettes ved særskilt avtale etter ekspropriasjonsrettslige regler enten i minnelighet eller ved skjønn, jf. punkt 10. Veiene kan tas i bruk før erstatningsspørsmålet er avgjort.

17222

10 Framtidige skader/ulemper og anleggsskader/ulemper

Fastsettelse av erstatning skal omfatte ulemper for de berørte eiendommer som følge av senere drift, ettersyn, vedlikehold, ombygging og utbedring av ledningen. Det forutsettes at vedlikeholdsarbeider i dyrket mark foretas i tiden etter innhøstningen. Må slike arbeider foretas før innhøstningen, blir evt. skader å erstatte som etter tredje ledd.

Anleggsulemper og anleggsskader skal holdes utenfor avtalen. Det samme gjelder skader og ulemper som følge av ombygging.

Erstatning for anleggsskade eller anleggsulempe, samt evt. framtidige skader og ulemper som omhandlet foran, skal fastsettes ved særskilt avtale. I mangel av slik avtale skal erstatning fastsettes etter ekspropriasjonsrettslige prinsipper ved rettslig skjønn. Skjønnsretten settes med to skjønnsmedlemmer med mindre tingretten finner det betenkelig.

11 Fastsettelse av erstatning.

Erstatning for de inngrep som foretas, rettigheter som erverves, bruk av veier og for skader og ulemper som måtte blir påført eiendommen fastsettes som engangserstatning.

* * *

Skjøte[1)]

Rekvirentens navn	Plass for tinglysingsstempel
Advokat Lars E. Sande	Doknr: 867063 Tinglyst: 11.08.2017 STATENS KARTVERK
Adresse: Postboks 58	
Postnr.: 6101 Poststed: Volda	
(Under-) organisasjonsnr/fødselsnr.: 871465142 Ref.nr.	

Opplysningene i feltene 1-6 registreres i grunnboken

1. Eiendommen(e)[2)]

Kommunenr.	Kommunenavn	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Ideell andel
1520	Ørsta	170	130			1/1
		170	132			1/1

Overdragelsen gjelder bygg på festet grunn	☒ Nei	☐ Ja	Overdragelsen omfatter transport av festeretten	☐ Nei	☐ Ja
Godkjenning fra bortfester er nødvendig iht. kapittel 4 eller avtale	☐ Nei	☐ Ja	Bortfester har godkjent overdragelsen og underskrevet i felt for underskrifter og bekreftelser	☐ Nei	☐ Ja
Omfatter overdragelsen ideell andel, herunder eierseksjon, skal andelens størrelse oppgis	Størrelse ideell andel		Eiendommen ligger til en annen eiendom som tilbehør etter avhendingsloven § 3-4 annet ledd bokstav d	☐ Nei	☐ Ja

Beskaffenhet
☒ 1 Bebygd ☐ 2 Ubebygd

Bruk av grunn
☐ B Bolig eiendom ☐ F Fritids-eiendom ☐ V Forretning/kontor ☒ I Industri ☐ L Landbruk ☐ K Off. vei ☐ A Annet

Type bolig
☐ FB Frittligg enebolig ☐ TB Tomanns-bolig ☐ RK Rekkehus kjede ☐ BL Blokk-leilighet ☐ AN Annet

2. Kjøpesum

kr 43.000,-

Utlyst til salg på det fre marked: ☐ Ja ☒ Nei

Omsetningstype
☒ 1 Fritt salg ☐ 2 Gave (helt eller delvis) ☐ 3 Ekspropriasjon ☐ 4 Tvangsauksjon ☐ 5 Uskifte ☐ 6 Skifteoppgjør ☐ 7 Opphør av samboerskap ☐ 8 Annet

Kjøpesummen er oppgjort på avtalt måte

3. Salgsverdi/avgiftsgrunnlag [3)]

kr 100.000,-

4. Overdras fra

Fødselsnr./Org.nr. [4)]	Navn	Ideell andel
010163[redacted]	Andreas Standal	1/1

5. Til

Fødselsnr./Org.nr. [4)]	Navn	Fast bosatt i Norge	Ideell andel
876795442	Tussa Energi AS	☒ Ja ☐ Nei	1/1
		☐ Ja ☐ Nei	
		☐ Ja ☐ Nei	
		☐ Ja ☐ Nei	

6. Særskilte avtaler

OBS! Her påføres kun opplysninger som skal og kan tinglyses

Gnr. 170 bnr. 132 skal har rett til å nytte opparbeidd tilkomstveg over gnr. 170 bnr. 12..

Dato	Utstederens underskrift

Andre avtaler (som ikke skal tinglyses)

7. Kjøpers/erververs erklæring ved overdragelse av boligseksjon [5]

Jeg/vi erklærer at mitt/vårt erverv av seksjonen ikke strider med bestemmelsen i eierseksjonsloven § 22 tredje ledd.

Dato | Sted

Kjøpers/erververs underskrift | Gjenta med blokkbokstaver

8. Erklæring om sivilstand mv. [6]

1. Er utsteder(ne) gift eller registrert(e) partner(e)?

☒ Ja ☐ Nei Hvis ja, må også spørsmål 2 besvares.

2. Er utstederne gift eller registrerte partnere med hverandre og begge underskriver som utsteder?

☐ Ja ☒ Nei Hvis nei, må også spørsmål 3 besvares.

3. Gjelder overdragelsen bolig som utsteder(ne) og dennes/deres ektefelle(r) eller reg partner(e) bruker som felles bolig?

☐ Ja ☒ Nei Hvis ja, må ektefellen(e)/registrert(e) partner(e) samtykke i overdragelsen.

9. Underskrifter og bekreftelser

Dato: 31.02.16 | Sted: Volda

Utsteders underskrift [7] | Gjenta med maskin eller blokkbokstaver

Andreas Standal | Andreas Standal

Som ektefelle/registrert partner samtykker jeg i overdragelsen

Dato | **Ektefelles/registrert partners underskrift** | Gjenta med blokkbokstaver

[8] Jeg/vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år og har underskrevet eller vedkjent seg sin(e) underskrift(er) på dette dokument i mitt/vårt nærvær. Jeg/vi er myndig(e) og bosatt i Norge.

1. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver

Adresse

2. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver

Adresse

Bortfesters underskrift | Gjenta med blokkbokstaver

Dato | Utstederens underskrift

Rett kopi

Lars E. Sande
Advokat

Sunnmøre jordskifterett

Rettsbok

Sak: 1510-2006-0008 Store-Standal,

Gnr. 170 i Ørsta kommune

Oppstarta: 13.03.2007

Avslutta: 06.09.2007

RETTSBOK FOR

SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

År 2007 den 13. mars vart jordskifterett sett i Standal grendahus, 6184 STORESTANDAL.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl.
- einedommar etter jordskiftelova § 12.

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr.: 1510-2006-0008 Store-Standal, gnr. 170 i Ørsta kommune.

Partar tilstades:

Eigar av gnr. 170/1, 170/2, Asgeir Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/3, Kjell Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/5, Ola Flo, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/6, Asbjørg Standal Romestrand, 6174 BARSTADVIK
Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, 6184 STORESTANDAL
For eigar av gnr. 170/9, Arnfinn Standal, Åsegjerdet 18 C, 6017 ÅLESUND og
eigar av gnr. 170/9, Einar B. Standal, Rådyrvegen 38, 7620 SKOGN,
møtte broren Svein K. Standal
Eigar av gnr. 170/9, Svein K. Standal, Mork, 6100 VOLDA
Eigar av gnr. 170/10, Jørund Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/12, Ole P. Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigarar av gnr. 170/24, Kristin og Tormod Standal, 6184 STORESTANDAL

Partar – innkalla, men ikkje tilstades:

Eigar av gnr. 170/4, Jon Kåre Standal, Brusdalsvegen 145, 6011 ÅLESUND
Eigar av gnr. 170/5, Gunn Flo, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/8, Ottar Standal, 6184 STORESTANDAL

Møtet gjeld:

Tormod Standal har den 15.05.06 kravt jordskifte- rettsutgreiing på gnr.170 i Ørsta kommune.

Møtet er eit saksførebuande møte etter jordskiftelova § 12.

Jordskiftedommaren viste til hovudreglane i domstollova §§ 106 - 108. Ingen visste om forhold som kunne gjere rettsformannen inhabil.

Dokumenta som var innkomne i saka vart gjennomgått i den grad det var trong for det.

Jordskiftedommaren gjorde nærare greie for kva ei rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88 a kan gå ut på og kva som var formålet med møtet.

Rekvirenten fekk ordet. Tormod og Kristin Standal gjorde nærare greie for kravet .
Dei andre partane fekk ordet og ga sine synspunkt.
Partane hadde ordet for replikkar.

Rettsformannen ga fleire opplysingar om sak ved jordskifteretten, herunder om vidare saksgang.

Det som kom fram på møtet kan oppsummerast slik :

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 ynskjer ei avklaring av kva eigedom og rettar som knyter seg til eigedomen.
Dette gjeld både i høve til innmarka, der det kan vere snakk om del i fiskerett i Standalelva, og fiskerett i sjøen (lakseverp), vidare om det har rettar i den utmarka som vart skifta 1930-1935, der det vart bestemt at m.a. fiskerett og vasskrafta i elvane i skiftefeltet framleis skulle vere i felleseige. Eigarane av bnr. 24 ynskjer også avklaring av kva rettar bnr. 24 har i den felles utmarka (setermarka og fjellmarka m.m.). Bnr. 24 vart frådelt frå bnr. 7 i 1940 og fekk då ma. beiterett for eit visst tal dyr i utmarka, og ein utmarksteig i "Breideremen". Eigarane av bnr. 24 er så langt usikre på kva rettar som ligg til bnr. 24.

Dei andre partane er førebels også usikre på kva rettar og eigedom som ligg til bnr. 24, også eigar av bnr. 7 er usikker.
Samtidig kom det fram at her er 2 andre bruk som også kan ha del i felleseige under gnr. 170.
Dersom det skal skje ei avklaring av desse andre bruka sine rettar i denne saka, må retten i tilfelle få eit skriftleg krav om dette innan 1 månad.

Saka vert å utsette til august- september d.å. Til neste møte må partane avklare sine påstandar skriftleg så langt som råd.
Innkalling til neste møte i vanleg brev med minst 2 vekers varsel.

Rettsmøtet slutt, Store Standal, den 13. mars 2007

Nils Einar Sporstøl

Nils Einar Sporstøl

År 2007 den 28. august vart Sunnmøre jordskifterett på nytt sett i Standal grendahus, 6184 STORESTANDAL.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl.

Jordskiftemeddommarar:

1. Olav Magne Folkestad, Flote, 6120 Folkestad
2. Liv Inga Homberset, Hjartåbygda, 6100 Volda

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr.: 1510-2006-0008 Store-Standal, gnr. 170 i Ørsta kommune.
- utsett frå saksførebuande møte 13.03.07

Partar tilstades:

Eigar av gnr. 170/3, Kjell Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/6, Asbjørg Standal Romestrand, 6174 BARSTADVIK
Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/8, Ottar Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/9, Arnfinn Standal, Åsegjerdet 18 C, 6017 ÅLESUND
Eigar av gnr. 170/9, Svein K. Standal, Mork, 6100 VOLDA
For eigar av gnr. 170/9, Einar B. Standal, Rådyrvegen 38, 7620 SKOGN, møtte broren Svein K. Standal med fullmakt
Eigar av gnr. 170/12, Ole P. Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/13, Janne og Jostein Grytten, 6265 VATNE
Eigar av gnr. 170/24, Kristin og Tormod Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/26, Ivar Urke, 6174 BARSTADVIK

Partar – innkalla, men ikkje tilstades:

Eigar av gnr. 170/1, 170/2, Asgeir Standal, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/4, Jon Kåre Standal, Brusdalsvegen 145, 6011 ÅLESUND
Eigar av gnr. 170/5, Gunn og Ola Flo, 6184 STORESTANDAL
Eigar av gnr. 170/10, Jørund Standal, 6184 STORESTANDAL

Møtet gjeld:

Tormod Standal har den 15.05.06 kravt jordskifte- rettsutgreiing på gnr.170 i Ørsta kommune.
Kravet er seinare utvida av Ottar Standal og Birger Standal.

Jordskiftedommaren viste til hovudreglane i domstollova §§ 106 - 108. Ingen visste om forhold som kunne gjere rettsmedlemane inhabile.
Begge meddommarane har tidlegare gitt forsikring som jordskiftemeddommarar.
Retten vart erklært for lovleg sett.

Desse dokument vart framlagt :

Dokument nr. 1: Krav om rettsutgreiing, datert 15.05.06, underteikna av Tormod Standal.

Dokument nr. 2: Kopi av skjøte og kjøpekontrakt for gnr. 170/24, datert 18.11.1940.

Dokument nr. 3: Skyldskifte over gnr. 170 bnr. 24 av 14.11.1940.

Dokument nr. 4: Forkynning om krav til partane, datert 13.06.06.

Dokument nr. 5: Innkalling av partar/naboar til førebuande rettsmøte, datert 07.02.07, m/ postverkets kvitt. for rek. sending.

Dokument nr. 6: Fullmakt som gjeld bnr. 9 frå Einar Standal og Arnfinn Standal til Svein Standal, datert 26. og 29.04.94, vedlagt fullmakt for jordskiftesaka, dat. 22.04.07

Dokument nr. 7: Skriv frå Ottar Standal, datert 29.03.07, tilleggskrav vedk. jordskiftesaka.

Dokument nr. 8: Skriv frå Birger Standal, datert 12.04.07, vedk. jordskiftesaka.

Dokument nr. 9: Skriv frå Ivar Urke, datert 23.04.07, vedk. jordskiftesaka.
Dok.nr. 9, vedl. 1: Skyldskifte for gnr. 170 bnr. 26, av 20.09.1946.

Dokument nr. 10: Referat m.m. frå grunneigar/sameigarmøte vedk. nytt hyttefelt på Standaleidet, av 10.06.06.

Dokument nr. 11: Skriv frå Ivar Urke, datert 11.06.07, vedk. vedk. jordskiftesaka.

Dokument nr. 12: Innkalling av partar/naboar til rettsmøte, datert 12.07.07, m/ postverkets kvitt. for rek. sending.

Dokument nr. 13: Skriv frå Janne Sæter Grytten, datert 16.07.07 vedk. partar i saka.
Dok.nr. 13, vedl 1: Skylddelingsforretning for gnr. 170 bnr. 13 av 30.01.1933.
Dok.nr. 13, vedl. 2: Kjøpekontrakt for gnr. 170 bnr. 13, datert 31.01.1933.
Dok.nr. 13, vedl. 3: Skjøte over gnr. 170 bnr. 13, datert 14.05.1934.

Dokument nr. 14: Jordskifte av innmark, skog og utslåtter på gnr. 170, avsl. 20.11.1891.
Dok.nr., 14, vedl. 1: Kopi av jordskiftekart over indmarken på gaarden Indre Standal, opmaalt 1897 og 1898.
Dok.nr. 14, vedl. 2: Kopi av jordskiftekart, blad 2.
Dok.nr. 14, vedl. 3: Kopi av jordskiftekart over en del av skogmarken på Indre Standal, opmaalt 1887 og 1898.

Dokument nr. 15: Utskrift av jordskiftesak på Standal indre utmark, avslutta 14.08.1935.
Dok.nr. 15, vedl. 1: Kopi av jordskiftekart over en del av utmarken til Standal indre, opmaalt 1931, blad 1.
Dok.nr. 15, vedl. 2: Kopi av jordskiftekart, blad 2.
Dok.nr. 15, vedl. 3: Kopi av jordskiftekart, blad 3.
Dok.nr. 15, vedl. 4: Kopi av jordskiftekart, blad 4.

Dokument nr. 16: Utskrift av jordskiftesak nr. 1/67, vedk. Standal indre, slutta 28.11.1968.

Dokument nr. 17: Utskrift av jordskiftesak 5/71, vedk. Standal indre, slutta 30.04.1971.

Dokument nr. 18: Utskrift av jordskiftesak 7/81, vedk. avløysing av beiterettar m.m., slutta 18.10.1983.
Dok.nr. 18, vedl. 1: Kopi av jordskiftekartet for sak 7/81.

Partane vart orienterte om ansvaret dei har når dei forklarar seg for retten.

Eigarane av gnr. 170/24, Tormod og Kristin Standal, gjorde nærare greie for kravet og sette fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, fekk ordet og ga sine synspunkt. Han sette fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Eigar av gnr. 170/8, Ottar Standal, gjorde nærare greie for kravet og sette fram slik

Påstand:

Eigar av gnr. 170 bnr. 26 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Eigar av gnr. 170/26, Ivar Urke, gjorde nærare greie for kravet og sette fram slik

Påstand:

Eigar av gnr. 170 bnr. 26 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Eigarane av gnr. 170/13, Janne og Jostein Grytten, gjorde nærare greie for sitt syn og sette fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr.13 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, fekk ordet og ga sine synspunkt. Han sette fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 13 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Partane hadde ordet for replikkar.

Eigar av gnr. 170/12, Ole P. Standal, ga forklaring og forlet møtet.

Eigar av gnr. 170/3, Kjell Standal, eigar av gnr. 170/6, Asbjørg Standal Romestrand og eigarane av gnr. 170/9, Arnfinn og Svein Standal, ga alle forklaring.

Det vart orientert om vidare saksgang, om kostnadane med saka og om ankereglane. Eigarane av gnr. 170 bnr. 9 meinte at dei ikkje har nytte av saka.

Møtet med partane vart avslutta.

I einerom gjorde jordskifteretten slikt samrøystes

Vedtak:

Her er krav om rettsutgreiing for avklaring av rettstilhøva for 3 eigedomar på gnr. 170 i Ørsta. Slik avklaring vil vere nødvending for ein rasjonell bruk av felles areal og rettar.

Saka vert å fremje som rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88 a.

Her er 3 tvistar som må avgjerast ved dom etter jordskiftelova § 17. Retten diskuterte grunnlaget for domsavseiingane. Saka vart utsett for protokollering av domane.

Kostnaden med møtet vert å gjere opp på neste møte.

Rettsmøtet slutt, Store Standal, den 28. august 2007

Nils Einar Spørstøl
Nils Einar Spørstøl

Olav Folkestad
Olav Folkestad

Liv Inga Homberset
Liv Inga Homberset

År 2007 den 6. september vart Sunnmøre jordskifterett sett på retten sitt kontor, 6150 Ørsta.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl.

Jordskiftemeddommarar:

1. Olav Magne Folkestad, Flote, 6120 Folkestad
2. Liv Inga Homberset, Hjartåbygda, 6100 Volda

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr.: 1510-2006-0008 Store-Standal, gnr. 170 i Ørsta kommune.
- utsett frå møte 28.08.07.

Møtet gjeld domsavseiing og avslutting av saka.
Ingen av partane var til stades.

Retten sa slike samrøystes

D O M A R :

Retten vil først nemne at det i dag knyter seg store verdiar til den felles utmark og dei felles rettar som ligg under gnr. 170, mellom anna er her nyleg godkjent hyttefelt med over 100 nye hytter, og her er planar for vasskraftutbygging i 2 av sideelvane til Standalselva.
Her er også store areal som går inn i hjortejaktområdet. Fiskerett i elv og sjø (laksekilenot) har også ei viss interesse. Dette kjem i tillegg til dei tradisjonelle landbruksverdiane.

Tvist nr. 1 – Gnr. 170 bnr. 13 sine rettstilhøve.

Eigarane av gnr. 170/13, Janne og Jostein Grytten, har sett fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr.13 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Som grunnlag for sin påstand viser dei til skylddelingsforretninga og kjøpekontrakta for bnr. 13, jf. dok. nr. 13, med vedlegg.
Bruk nr. 13 fekk ei skyld av 16 skyldøre. Bruket fekk skogteig i utmarka i tillegg til innmarksteigen. Bruket fekk rett til beite i felles utmark med 1 ku og 2 sauer.
Bruket var med i jordskiftet i 1935 og fekk del i alle felles rettar under gnr. 170, slik som det går fram av dok. nr. 15, side 39.

Eigar av bnr. 13 har over lang tid fiska overalt i Standalselva.
Dei viser også til referat frå grunneigarmøte, dok. nr. 10, der advokat Egil Arne Standal ga ei vurdering om at alle "tomtebruka", har andel i felles utmark.

Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, har sett fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 13 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Han viser også til formuleringa i skylddelingsforretninga og kjøpekontrakta for bnr. 13, jf. dok. nr. 13, med vedlegg.
Bruket fekk ein avgrensa beiterett i felles utmark for 1 ku og 2 sauer. Dette må klart sjåast som ein bruksrett kun til beite og ikkje som nokon medeigedomsrett i grunn og rettar.
Bruket fekk skogteig i utmarka i tillegg til innmarksteigen, og desse teigane saman med beiteretten er grunnlaget for den skatteskylda bruket fekk.

Bnr. 13 har ikkje vore innkalla i dei jordskiftesaker som har vore gjennomført på gnr. 170 etter 1935, jf. hyttesaka på Standaleidet i 1968 og vegsak i 1983. Bnr. 13 var heller ikkje med i jordleigeavtalen med Standal fordyrkarlag i 1980-åra, då det vart oppdyrka ca. 88 da. i felles utmark til gnr. 170. Bruket har ikkje vore med i hjortejakta på gnr. 170 før i 2003.

Det har vore eit nærast fritt fiske i Standalselva.

Jordskifteretten ser slik på tvisten:

Bnr. 13 vart frådelt bnr. 7 i 1933. Kva eigedommen skulle omfatte går fram av skylddelingsforretninga og kjøpekontrakta for bnr. 13, jf. dok. nr. 13, med vedlegg.
Bruket fekk beiterett i den felles utmark for 1 ku og 2 sauer. Bruket fekk vidare ein skogteig i utmarka (ca. 23 da.) i tillegg til innmarksteigen (som er ca. 4 da), og desse teigane saman med beiteretten er grunnlaget for den skatteskylda bruket fekk, dvs. 16 skyldøre.
Skylda for bnr. 13 utgjer 5,97 % av skylda til hovedbruket før frådelinga.

Det er slik på gnr. 170 at fjellutmarka ligg i felleseige etter skatteskylda for gardsbruka. Tradisjonelt har den viktigaste bruken i fellesområdet vore beite med storfe og seterdrift. Det kan difor seiast å ha vore ein relativt sterk samanheng mellom dei som har beiterett og dei som har eigedomsrett.

Ein vanleg formuleringsmåte i skylddelingsforretningar på Sunnmøre har vore at eigedommen får *"andel i utmarka etter sin skatteskyld"* eller tilsvarande formuleringar. Då har det som regel vorte vurdert som ein medeigedomsrett til utmarka etter skyld.

I nokre forretningar står det at eigedommen får *"beiterett i utmarka etter sin skatteskyld"*. I slike tilfelle har eigedommane ved jordskifte av utmark ofte fått sin andel etter skatteskylda, ut frå den tradisjonelt nære samanhengen mellom beiterett og eigedomsrett i distriktet her.
Ein beiterett <u>etter foring</u> har i jordskiftesamanheng på Sunnmøre tradisjonelt oftast vorte sett på som ein avgrensa bruksrett til beite og ikkje nokon medeigedomsrett. Men ved jordskifte av utmark ser ein eksempel på at ved avløysing av slik beiterett etter foring, så har bruket etter semje mellom partane likevel fått sin andel etter skatteskylda.

Skylddelingsforretningane vart utførte av lekfolk og formuleringane kan nok variere ein

del, ut frå kven som utførte forretninga. Kor vidt det var meininga at eit småbruk skulle ha vanleg medeigedomsrett eller ikkje, kan såleis vere noko vanskeleg å vurdere.
Spørsmålet bør såleis sjåast i samanheng med dei etterfylgjande tilhøva.

Bnr. 13 var part i jordskiftesaka slutta i 1935 og fekk då utlagt sin utmarksteig (skogteig) som eigedomsteig, jf. dok. nr. 15, side 28. Bnr. 13 fekk imidlertid ikkje nokon moldteig i den felles utmarka ved setra, jf. dok. 15 side 35-36, der det går fram at hovedbruka fekk fleire moldteigar. Bruk nr. 13 vart ikkje pålagt del i vegvedlikehald og gjerdehald etter skyld i motsetning til alle hovedbruka, jf. dok. nr. 15, side 36 –38.
Bnr. 13 fekk heller ikkje del i det nedlagde bruket i Høydalen, bnr. 11, jf. dok. nr. 15 side 3 og side 32-34.
Desse tilhøva tyder klart på at bnr. 13 ikkje hadde nokon medeigedomsrett i den felles utmarka.
Det er då heller ikkje grunn til at bnr. 13 skal ha del i dei rettar som vart felles etter jordskiftet i 1935 og 1891, jf. dok. nr. 15, side 39 og dok. nr. 14, side 49 -52.
At eigar av bnr. 13 har fiska overalt i Standalselva, ser retten som eit utslag av at det stort sett har vore praktisert fritt fiske i elva. Kor vidt det er felles fiske eller delt fiske for kvart sitt land der elva renn gjennom innmarka på gnr. 170, finn ikkje retten å ha godt nok grunnlag til å kunne ta stilling til i denne tvisten. Det må i tilfelle takast opp i ei eiga sak.

Bnr. 13 har ikkje vore innkalla i dei jordskiftesaker som har vore gjennomført på gnr. 170 etter 1935, jf. hyttesaka på Standaleidet i 1968, dok. nr. 16, jordskiftesak i 1971 vedk. felles veggrunn, jf. dok. nr. 17, side 6-7, og vegsak m.m. i 1983, dok. nr. 18. Ved hyttesaka i 1968 vart det utlagt 24 nye hyttepunkt i den felles utmarka. Bnr. 13 har heller ikkje sel på Standalsetra.
Bnr. 13 var etter det som er opplyst av partane ikkje med i jordleigeavtalen med Standal fordyrkarlag i 1980-åra, då det vart oppdyrka ca. 88 da. i felles utmark til gnr. 170.
Bruket har ikkje vore med i hjortejakta på gnr. 170 før i 2003. Bruk nr. 13 har jaktretten på sine teigar.

Alle desse sakene som har vore etter 1935 og som tidlegare eigar av bnr. 13 truleg måtte ha kjent til, tyder på at både tidlegare eigarar på bnr. 13 og på bnr. 7, då ikkje rekna eigar av bnr. 13 som medeigar i felles utmark.

Formuleringane i skylddelingsforretninga sett i samanheng med dei etterfylgjande tilhøva må etter retten sin vurdering føre til slik

Dom-slutting:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 13 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Tvist nr. 2 – Gnr. 170 bnr. 24 sine rettstilhøve.

Eigarane av gnr. 170/24, Kristin og Tormod Standal, har sett fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Som grunnlag for sin påstand viser dei til skylddelingsforretninga og skøyte/kjøpekontrakta for bnr. 24, jf. dok. nr. 3 og 2.
Bruk nr. 24 fekk ei skyld av 18 skyldøre. Bruket fekk skogteig i utmarka, og i tillegg til innmarksteigen, ein mindre teig på "Øvelandet" og halve nausttomta med påståande naust. Bruket fekk rett til beite i felles utmark med 2 kyr og 3 sauer.
I skyldskiftet, dok. nr. 3, er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 3: *"Er det jordbruk med fjellvidd-med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer-med i den eigedommen som vert bytt?".*
Vidare er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 4: *"Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, so mykje fjellvidd som trengst for bruket ?".*

Bruket må difor ha del i alle felles rettar under gnr. 170, slik som det går fram av jordskiftet i 1935, dok. nr. 15, side 39. Jordskiftet i 1935 var eit framhald av jordskiftet avslutta i 1891.

Eigar av bnr. 24 betalte sin del av transporten av mjølka frå Standalsetra på 1950-60-talet, etter skyld.
Eigar av bnr. 24 har fiska fritt i Standalselva og har hatt kilenot etter laks i sjøen frå utmarka.

Dei viser også til referat frå grunneigarmøte, dok. nr. 10, der advokat Egil Arne Standal ga ei vurdering om at alle "tomtebruka", har andel i felles utmark.

Eigar av gnr. 170/7, Birger Standal, har sett fram slik

Påstand:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Han viser også til formuleringa i skylddelingsforretninga og skøyte/kjøpekontrakta for bnr. 24, jf. dok. nr. 3 og 2.
Bruket fekk ein avgrensa beiterett i felles utmark for 2 kyr og 3 sauer. Det vart presisert at bruket ikkje fekk rett til å ta andre dyr i hamnegang.
Dette må klart sjåast som ein bruksrett kun til beite og ikkje som nokon medeigedomsrett i grunn og rettar.

Bruket fekk skogteig i utmarka, og i tillegg til innmarksteigen, ein teig på "Øvelandet" og halvdelen av nausttomta (med halve naustet og halve støda),
Desse teigane/tomtene saman med beiteretten, er grunnlaget for den skatteskylda bruket fekk.

Bnr. 24 har ikkje vore innkalla i dei jordskiftesaker som har vore gjennomført på gnr. 170 etter 1935, jf. hyttesaka på Standaleidet i 1968 og vegsak i 1983. Bnr. 24 var heller ikkje med i jordleigeavtalen med Standal fordyrkarlag i 1980-åra, då det vart oppdyrka ca. 88 da. i felles utmark til gnr. 170. Bruket har ikkje vore med i hjortejakta på gnr. 170 før i 2003.

Det har vore eit nærast fritt fiske i Standalselva.

Jordskifteretten ser slik på tvisten:

Bnr. 24 vart frådelt bnr. 7 i 1940. Kva eigedommen skulle omfatte går fram av skylddelingsforretninga og kjøpekontrakta for bnr. 24, jf. dok. nr. 3 og 2.
Bruket fekk ein beiterett i felles utmark slik, jf. dok. nr. 3 : *"..At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel hev me samtykt i at det kan vere hopehav i utmarki på den måten, at Kjøperen fer beiterett til 2 storfe og 3 sauder, men hev ikkje rett til å taka dyr i hamnegang…".*

Bruket fekk skogteig i utmarka (ca. 18 da), og i tillegg til innmarksteigen (ca. 3 da), ein teig på "Øvelandet" (ca. 1,5 da) og halvdelen av nausttomta (med halve naustet og halve støda), Desse teigane/tomtene saman med beiteretten, er grunnlaget for den skatteskylda bruket fekk.
Skylda for bnr. 24 utgjer 7,14 % av skylda til hovedbruket før frådelinga.

I skyldskiftet, dok. nr. 3, er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 3:
"Er det jordbruk med fjellvidd- med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer-med i den eigedommen som vert bytt?".
Denne formuleringa viser til eigedomen som vert bytt, dvs. bnr. 7.

Vidare er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 4: *"Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, so mykje fjellvidd som trengst for bruket ?"* .
I eit sånt svar kan det ligge ei vurdering av skogteigen til bnr. 24 som går høgt til fjells samt bruksretten til beite.

Det er slik på gnr. 170 at fjellutmarka ligg i felleseige etter skatteskylda for gardsbruka. Tradisjonelt har den viktigaste bruken i fellesområdet vore beite med storfe og seterdrift. Det kan difor seiast å ha vore ein relativt sterk samanheng mellom dei som har beiterett og dei som har eigedomsrett.

Ein vanleg formuleringsmåte i skylddelingsforretningar på Sunnmøre har vore at eigedommen får *"andel i utmarka etter sin skatteskyld"* eller tilsvarande formuleringar. Då har det som regel vorte vurdert som ein medeigedomsrett til utmarka etter skyld.

I nokre forretningar står det at eigedommen får *"beiterett i utmarka etter sin skatteskyld"*. I slike tilfelle har eigedommane ved jordskifte av utmark ofte fått sin andel etter skatteskylda, ut frå den tradisjonelt nære samanhengen mellom beiterett og eigedomsrett i distriktet her.
Ein beiterett <u>etter foring</u> har i jordskiftesamanheng på Sunnmøre tradisjonelt oftast vorte sett på som ein avgrensa bruksrett til beite og ikkje nokon medeigedomsrett. Men ved jordskifte av utmark ser ein eksempel på at ved avløysing av slik beiterett etter foring, så har bruket etter semje mellom partane likevel fått sin andel etter skatteskylda.

Skylddelingsforretningane vart utførte av lekfolk og formuleringane kan nok variere ein del, ut frå kven som utførte forretninga. Kor vidt det var meininga at eit småbruk skulle ha vanleg medeigedomsrett eller ikkje, kan såleis vere noko vanskeleg å vurdere.
<u>Spørsmålet bør såleis sjåast i samanheng med dei etterfylgjande tilhøva.</u>

Jordskifteretten vurderer det slik at det burde ha vore formulert klarare i skylddelings-forretninga dersom det var meininga at bnr. 24 skulle ha medeigedomsrett til utmarka etter sin skatteskyld. Retten vil særskilt peike på at det vart presisert at bnr. 24 ikkje skulle ha rett til å ta inn andre dyr på beite. Denne presiseringa ser retten som eit klart uttrykk for at det var snakk om ein avgrensa bruksrett til beite.

Bnr. 24 var ikkje etablert då jordskiftesaka for utmarka slutta i 1935.
Etter skylddelingsforretninga i 1940 fekk ikkje bnr. 24 nokon moldteig i den felles utmarka ved setra, jf. dok. 15 side 35-36, der det går fram at hovedbruka fekk fleire moldteigar.
Bruk nr. 24 vart ikkje pålagt del i vegvedlikehald og gjerdehald etter skyld slik som hovedbruka då hadde, jf. dok. nr. 15, side 36 –38.
Desse tilhøva tyder også klart på at bnr. 24 ikkje fekk nokon medeigedomsrett i den felles utmarka.

At eigar av bnr. 24 betalte sin del av transporten av mjølka frå Standalsetra på 1950-60-talet, etter skyld, kan ikkje tilleggast vekt i denne samanhengen.

Det er ikkje framkome nokon grunn til at bnr. 24 skal ha del i dei rettar som vart felles etter jordskiftet i 1935 og 1891, jf. dok. nr. 15, side 39 og dok. nr. 14, side 49 -52.
At eigar av bnr. 24 har fiska overalt i Standalselva, ser retten som eit utslag av at det stort sett har vore praktisert fritt fiske i elva.
Kor vidt det er felles fiske eller delt fiske for kvart sitt land der elva renn gjennom innmarka på gnr. 170, finn ikkje retten å ha godt nok grunnlag til å kunne ta stilling til i denne tvisten. Det må i tilfelle takast opp i ei eiga sak.
At eigar av bnr. 24 ei periode har brukt laksenot(kilenot) i sjøen frå utmarka på gnr. 170, ser retten som eit utslag av tolt bruk.

Bnr. 24 har ikkje vore innkalla i dei jordskiftesaker som har vore gjennomført på gnr. 170 etter 1940, jf. hyttesaka på Standaleidet i 1968, dok. nr. 16, jordskiftesak i 1971 vedk. felles veggrunn, jf. dok. nr. 17, side 6-7, og vegsak m.m. i 1983, dok. nr. 18. Ved hyttesaka i 1968 vart det utlagt 24 nye hyttepunkt i den felles utmarka. Bnr. 24 har heller ikkje sel på Standalsetra.
Bnr. 24 var etter det som er opplyst av partane ikkje med i jordleigeavtalen med Standal fordyrkarlag i 1980-åra, då det vart oppdyrka ca. 88 da. i felles utmark til gnr. 170.
Bruket har ikkje vore med i hjortejakta på gnr. 170 før i 2003. Bruk nr. 24 har jaktretten på sine teigar.

Alle desse sakene som har vore etter 1940 og som tidlegare eigar av bnr. 24 truleg måtte ha kjent til, tyder på at både tidlegare eigarar på bnr. 24 og på bnr. 7, då ikkje rekna eigar av bnr. 24 som medeigar i felles utmark.

Formuleringane i skylddelingsforretninga sett i samanheng med dei etterfylgjande tilhøva må etter retten sin vurdering føre til slik

Dom-slutting:

Eigarane av gnr. 170 bnr. 24 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Tvist nr. 3 – Gnr. 170 bnr. 26 sine rettstilhøve.

Eigar av gnr. 170/26, Ivar Urke, har sett fram slik

Påstand:

Eigar av gnr. 170 bnr. 26 har andel etter eigedommen sin skatteskyld i alt fellesareal under gnr. 170, samt del i alle rettar som vart felles etter jordskiftesak i 1891 og 1935.

Som grunnlag for sin påstand viser han til skylddelingsforretninga, jf. dok. nr. 9 med vedlegg og til dok. nr. 11.
Bruk nr. 26 fekk ei skyld av 25 skyldøre. Bruket fekk skogteig i utmarka i tillegg til innmarksteigen, og ei nausttomt ved innmarka. Bruket fekk rett til beite i felles utmark slik, jf. dok. nr. 9: *"..At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel hev me samtykt i at det kan vere hopehav i utmarki på den måten, at det vert beiterett til dei dyr som rimeleg kan forast på stykket, i felles utmark., med di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.."*.

I skyldskiftet, dok. nr. 9, er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 3: *"Er det jordbruk med fjellvidd-med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer-med i den eigedommen som vert bytt?"*.
Vidare er det svara **Ja** på spørsmålet nr. 4: *"Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, so mykje fjellvidd som trengst for bruket ?"*.

Bruket må difor ha del i alle felles rettar under gnr. 170, slik som det går fram av jordskiftet i 1935, dok. nr. 15, side 39.
Eigar av bnr. 26 har fiska fritt i Standalselva.
Han viser også til referat frå grunneigarmøte, dok. nr. 10, der advokat Egil Arne Standal ga ei vurdering om at alle "tomtebruka", har andel i felles utmark.

Eigar av gnr. 170/8, Ottar Standal, har sett fram slik

Påstand:

Eigar av gnr. 170 bnr. 26 har ikkje medeigedomsrett i fellesareal og felles rettar under gnr. 170.

Han viser til formuleringa i skylddelingsforretninga frå 1946, jf. dok. nr. 9 med vedlegg.
Bruk nr. 26 fekk ei skyld av 25 skyldøre.
Bruket fekk rett til beite i felles utmark slik, jf. dok. nr. 9: *"..At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel hev me samtykt i at det kan vere hopehav i utmarki på den måten, at det vert beiterett til dei dyr som rimeleg kan forast på stykket, i felles utmark., med di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.."*.

Dette må klart sjåast som ein bruksrett kun til beite og ikkje som nokon medeigedomsrett i grunn og rettar.
Bruket fekk skogteig i utmarka i tillegg til innmarksteigen, og ei nausttomta ved innmarka. Desse teigane/tomtene saman med beiteretten, er grunnlaget for den skatteskylda bruket fekk.

Bnr. 26 har ikkje vore innkalla i dei jordskiftesaker som har vore gjennomført på gnr. 170

etter 1946, jf. hyttesaka på Standaleidet i 1968 og vegsak i 1983. Bnr. 26 var heller ikkje med i jordleigeavtalen med Standal fordyrkarlag i 1980-åra, då det vart oppdyrka ca. 88 da. i felles utmark til gnr. 170. Bruket har ikkje vore med i hjortejakta på gnr. 170 før i 2003.

Jordskifteretten ser slik på tvisten:

